

# LNK AVISA

POST@LNK.NO NR 6 • 2009 • ÅRGANG 8 WWW.LNK.NO

## Fleire skal lese

Leseåret 2010 er starten på ei satsing som skal vare i fire år framover. Eit av dei store måla er å få fleire vaksne til å lese meir.

S. 8 - 10

## Sentralisering av kulturen

Ei ny kartlegging viser at store deler av dei statlege kulturkronene blir i Oslo.

S.14

## Satsar på dei unge

Svein Olav Langåker (32) er tilsett som prosjektleiar i nettavisa Ung til sinns – på nett. Målet er å sikre eit betre nynorsk tilbod på nettet.

S.5

## Råd på vegen



Caroline Teinum

Sigrid Brattabø Handegard (45) forlét ordførarstolen i Jondal. No gir ho råd til samferdsleministeren.

• Sjå s.12 - 13



Ingrid Hillestad

## Øykommune i vekst



Kåre Sæter

Øykommunen Giske er i vekst og livnærer seg i stor grad på fisk og olje. Før jul går tonn på tonn med saltfisk til Italia.

• Sjå s.18 - 20

# Vil lære nynorsk

Barne- og likestillingsminister Audun Lysbakken (SV) vedgår at det nynorske læreverket for opplæring av framandspråklege er mangelfullt.


Dette reagerer både elevar og lærarar ved Vaksenopplæringa på Voss på.

– Eg får kjensla av at nynorsk ikkje står særleg høgt i kurs, seier rektor Odrun Vellene Vevatne.

Og Lysbakken kan heller ikkje no love kor lenge Voss og andre nynorskkommunar må vente før det nynorske materiellet er på plass.

• Sjå s.3

BRUK LNK KORTET



Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Vi har fått ny nettside!

[www.pirion.no](http://www.pirion.no)

## Her finn du inspirerende kultursaker, omtalar av bøker for barn, inspirasjon til song- og forteljestunder

Pirion er ei kulturavis for barnehagar og småskular som kjem ut åtte gonger i året. Vil du tinge Pirion til barnehagen din? Ønskjer du informasjon om Pirionkurs? Send oss ein e-post: [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no)



SALKAT TOSJON

Informasjonsavis for  
Landsmanslutninga av nynorsk kommunar

Redaktør  
Judith Sørhus Littlehamar

## Invester i språket

På Voss står bokmål og vossamål på læreplanen for innvandrarane. Læraren deira, Odrun Vellene Vevatne, skulle så gjerne ha undervist i nynorsk, men det har ho ikkje læreverk til.

Eg får kjensla av at nynorsk ikkje står særleg høgt i kurs, seier ho til LNK-avisa.

Men kvifor skal det vere slik? Kvifor er det ikkje like naturleg å undervise innvandrarar i nynorsk som i bokmål?

Det er mange spørsmål som etter kvart krev eit svar. Me hugsar også Anne Margrethe Eidhammer frå Vindafjord, som tidlegare i år samla underskrifter frå 50 ordførarar. Underskriftene vart samla i eit opprop for å få nynorsk materiell på plass også for innvandrarar. Underskriftene vart sende over til Kunnskapsdepartementet og deretter vidare til Barne- og likestillingsdepartementet.

Me håpar underskriftene no er komne i det rette departementet, og at kampanjen får eit resultat. Det er heilt naudsynt at departementet løyver meir midlar til forlaga slik at dei kan gi ut lærebøker både på bokmål og på nynorsk.

Midt oppe i alt dette skjer det positive ting. Det er gledeleg å sjå at Vox i samarbeid med LNK no er i ferd med å få plass eit fullstendig læreverk i norsk for innvandrarar på nynorsk. Men det må ikkje stoppe her. Innvandrarane i nynorsk kommunane treng så mykje meir, til dømes ordbøker på begge målformer. Det har dei ikkje i dag.

Barne- og likestillingsminister Audun Lysbakken meiner også at det nynorske læreverket for opplæring av framandspråklege er mangelfullt. Likevel vil han ikkje gi noko lovndad om kva tid Voss og andre nynorsk kommunar får nynorsk materiell.

Som så mange gonger før blir økonomi trekt fram som ei forklaring på at det er lite nynorsk materiell på marknaden. Me håpar departementet no ser at ei investering i nynorsk læreverk for opplæring av framandspråklege også er ei investering i betre integrering.

Når ein forstår språket, er det lettare å bli ein del av lokalsamfunnet, få seg jobb og klare å fylgje opp barna på skulen. Også dette forklaringar som er brukt mange gonger før.



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

## Kva skal nynorsk-elevane lesa?

**2010** er nasjonalt leseår, det har Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet gått saman om å bestemma. Kva som skal skje dette året, er det vel ingen som veit riktig enno, men eg reknar med at det vil bli sett fokus på lesing og leseglede for alle, og særleg for barn og unge. I samband med leseåret 2010 har eg ei sak som eg meiner det er naturleg å ta tak i: Det er lettare for barn med bokmål som opplæringspråk å lesa mykje – og med glede – enn for barn med nynorsk som opplæringspråk.

Det finst mykje meir litteratur på bokmål enn på nynorsk. Mange forlag i Noreg har lettlestbøker tilpassa barn som er i starten av leseopplæringa. Desse bøkene er viktige for barna si leseutvikling. I samband med ein konferanse i 2008 talte eg og ein kollega opp kor mange lettlestbøker som var tilgjengelege på bokmål og nynorsk på to lokale folkebibliotek: På det eine biblioteket fann me 215 bokmålstitlar og 17 nynorskbøker. På det andre biblioteket fann me over 100 bokmålstitlar, og berre 8 nynorskstitlar. Lærarar som underviser nynorskelevar på dei lågaste trinna i skulen, er fortvila over mangelen på tilgjengelege lettlestbøker for barnarararar. Denne mangelen gjer at elevane ikkje får den mengda av tilpassa tekstar som dei treng for å kunne utvikla seg som lesarar. Det er eit paradoks at i det elevane skal skapa ein identitet som nynorsklesarar, må dei ofte lesa bokmålsbøker for å få nok lesetrening.

For å bli gode og glade lesarar treng både ungar og ungdommar tekstar som er aktuelle for dei – på si eiga målforn. Derfor er det eit problem at det nesten ikkje finst populærkulturelle tekstar på nynorsk. Det fører til at skulelevar med nynorsk som opplæringspråk sjeldan møter modellar i nynorsk språkdrakt på fritida si, medan dei badar i bokmålstekstar. Til dømes finst det ingen Manga-teikneseriar på nynorsk. Og populære tv-seriar i Disney-universet som Hannah Montana og High School Musical, er dubba til austnorsk og teksta på bokmål. Me finn heller nesten ingen glansa magasin eller interestetidsskrift med nynorsk tekst.

Det er kanskje vanskeleg å få Donald Duck og Co på nynorsk. Det kommersielle potensialet er for lite. Men viss me startar med å definera lettlestbøkene som læremiddel, vil det vera eit krav at forlaga skal gje ut dei same lettlestbøkene på nynorsk som på bokmål. Det vil i alle fall betra tilgangen til naudsynte tekstar for dei som skal læra seg å lesa og skriva på nynorsk, og det vil vera eit skikkeleg loft for lesinga deira i leseåret 2010.

### KRONIKKFORFATTAREN

Trude Hoel

Universitetslektor,  
Lesesenteret ved UIS



# – Får ikkje lære nynorsk

**Bokmål og vossamål står på timeplanen til innvandrarar på Voss. Odrun Vellene Vevatne, rektor ved Vaksenopplæringa, håpar på fleire nynorske læremiddel.**

INGRID HILLESTAD

– Folk veit at vi lærer bokmål. Dei forstår det om eg seier "hvorfør" i staden for "kvifor", seier Debrum.

Etter nokre månader på språkkurs byrjar norske ord å falle på plass. Gapet mellom bokmål og vossamål kan likevel bli stort.

– Vi og me betyr det same, forklarar den lærelyste gjengen frå land som Eritrea, Irak og Afghanistan.

### Ei DYREKJØPT RØYNSLE

Spennet mellom elevane er stort, både når det gjeld bakgrunn, morsmål og



læringskompetanse. Dette stiller spesielle krav til lærarane og læremidla.

## Få lyspunkt frå Lysbakken

**Barne- og likestillingsminister Audun Lysbakken stadfestar at det nynorske læreverket for opplæring av framandspråklege er mangelfullt.**

INGRID HILLESTAD  
ingridhillestad@hotmail.com

I eit skriftleg svar på spørsmål frå LNK-avisa let ministeren vere å svare på om han har mottatt ordføraropporet med krav om betre nynorskundervisning.

– I dag finst det ikkje eit fullstendig læreverk i nynorsk for opplæringa i norsk for vaksne innvandrarar, stadfestar Lysbakken på si side.

### NYE LÆREMIDDEL PÅ VEG

Mellom nye tiltak på dette området nemner ministeren at Vox (etat under Kunnskapsdepartementet, red. mrk.) i sommar fekk 200.000 kroner av Arbeids- og inkluderingsdepartementet til utvikling av nynorske læremiddel.

– Vox har inngått kontrakt med eit forlag om innsetjing. Tilbodet av nynorske læremiddel vil då omfatte læreverk, lærebok i samfunnskunnskap, nettbasert opplæring, arbeidsbøker, lesehefte og grammatikk, seier Lysbakken.

Om ordbøker på begge målformer, som læraren på Voss etterlyser, vil dukke opp, seier han ingenting om.

### KOMMUNANE BESTEMMER

– Utfordringa for kommunane blir å ta læremidla i bruk. Det er den einskilde kommunen som avgjer om

læringskompetanse. Dette stiller spesielle krav til lærarane og læremidla.

### Voss voksenopplæring:

Det norske språket er framleis svært nytt for Linda og Haile (framme). Bak står Hedes, Helen, Almasz, Ruta, Elena, Jamal og Debrum. (Foto: Ingrid Hillestad)

– Eg får kjensla av at nynorsk ikkje står særleg høgt i kurs, legg ho til.

### VILLE LÆRT NYNORSK

Forebels er det norske språket, med alle dialektane og variasjonane det inneheld, både overveldane og nytt for dei vaksne elevane på Voss. Dei har så langt ikkje fått tatt stilling til om dei heller ville lært nynorsk enn bokmål. Dei har blitt vane med å omsetje bokmålsorda dei les i bøkene til vossamål. Vevatne er på si side ikkje i tvil om at språk og integrering heng nøye saman. Først på eit seinare tidspunkt stiller nokre tidlegare elevar spørsmål ved kvifor dei ikkje lærte nynorsk.

– Til dømes når dei byrjar i arbeid, eller når ungene deira byrjar på skulen og har nynorsk der, forklarar Vevatne.



Rektor Odrun Vellene Vevatne ville helst ha undervist på nynorsk. Foto: Ingrid Hillestad

### MISTA TRUA PÅ POLITIKARANE

– Det er leit at vi ikkje kan undervise på nynorsk. Vi er ein nynorsk kommune, og det er dette som er språket vårt, seier Vevatne.

Ho har på mange måtar mista trua på at politikarane kjem til å gjere ord om til handling og sikre valfridom og jamstilling av målformene også for dei med innvandrarbakgrunn.

### Norskopplæring for framandspråklege

Det nynorske undervisningsmateriellet i norskopplæring for framandspråklege er så mangelfullt at nynorsk kommunar ufrivillig må undervise på bokmål.

Anne Margrethe Eidhammer, leiar i Vindafjord mållag, samla tidlegare i år underskrifter frå 50 ordførarar med krav om betre undervisningsmaterielle på nynorsk. Eidhammer krev mellom anna at departementet løyver

meir pengar til forlaga, slik at dei kan gi ut bøker på begge målformer. Opporet blei denne hausten sendt til Kunnskapsdepartementet, som gav til svar at ansvaret ligg hos Barne- og likestillingsdepartementet.

Statssekretær i Kunnskapsdepartementet, Lisbeth Rugtvedt, lova i Bergens Tidende 3. november å sørge for at innspelt gjekk vidare til Barne- og likestillingsdepartementet.

ABC  
**Startsida**<sup>®</sup>  
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start  
på internett  
**www.startsida.no**



Landssamanslutninga  
av nynorskkommunar (LNK)

PB 7044  
St. Olavs plass  
0130 Oslo

www.lnk.no

post@lnk.no

Dagleg leiar:  
Vidar Hoviskeland

Styret:  
Jan Magne Dahle, leiar  
Astrid Myran Aarvik, nestleiar  
Solfred Borge  
Laura Seltveit  
Rune Øygard

Varamedlemar:  
Nils R. Sandal  
Velaug Veum  
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerør for medlemmene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:  
Bladet Sunnhordland  
KLP forsikring  
Hotell Bondeheimen  
Fagforbundet  
Kommunalbanken

## Vekst i Vågå

**Folketalet i Vågå kommune steig i 2009 for første gong sidan 70-talet, skriv Kommunal Rapport. Det var noko av grunnen til at ordførar Rune Øygard (Ap) vart nominert til Kommuneprofilen 2009.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Øygard er inne i sin fjerde periode som Ap-ordførar i Vågå. I løpet av denne tida har oppslutninga til Ap

### – Mindre nedgang for nynorsk i skulen

– Dei nynorskbrukande elevane er blitt færre over lang tid, men no er nedgangen mindre, seier direktør Ottar Grepstad i Ivar Aasen-tunet i ei pressemelding.

– Særleg på Austlandet bruker færre elevar nynorsk, seier Grepstad. – Det som slår mest ut, er at storbyane veks og at folketalet i utkantstrøka går ned. No bur ni av ti nynorskelevar i grunnskulen på Vestlandet.

Utdanningsdirektoratet har nettopp publisert førebelse skuledata for 2009/10. Materialet viser at dei språklege endrin-

Jærmuseet, som er prosjektleiar for Nasjonalt Garborgsenter på Bryne, fekk ei kjærkomen julegåve i sist veke.

Familie- og kulturkomiteen på Stortinget følgde opp det fleire politikarar tidlegare har signalisert, og løyvde sju millionar kroner til senteret.

I innstillinga heiter det m.a.: "Komiteen mener realiseringen av et Nasjonalt Garborg-senter i Time på Jæren er viktig, og ber Regjeringen holde frem arbeidet med å finne en løsning for å få realisert senteret og utstillingen i tråd med vedtatte planer."

Det er eit sær s viktig signal at alle komitémedlemene er med på løyvinga.

– Eg var aldri i tvil om at me skulle få dette til, sa ein strålende nøgd samferdsleminister, Magnhild Meltveit Kleppa, til Stavanger Aftenblad då ho kom til Jæren med den gode bodskapen.

– Midlane frå regjeringa sikrar at arbeidet med å byggja opp innhaldet i senteret no kan halda fram etter planen, seier prosjektleiar Einar Schibevaa i ein kommentar.

Nasjonalt Garborgsenter er eit spennande prosjekt. Time kommune har vore ein på-

drivar for senteret, som skal byggjast midt i ein ny, moderne bydel. Næraste nabo er eit høghus som alt er blitt eit signalbygg i det flate landskapet på Jæren. Time kommune markerer på denne måten at dei går inn i ei ny tid, og at dei ønskjer å vera ein pådrivar og motor i regionen. Ein annan viktig nabo vert den nye vidaregåande skulen som Rogaland fylkeskommune byggjer like ved. Skulen vert nok ein viktig samarbeidspart for Garborgsenteret, men vonleg aldri så viktig at det nasjonale ved senteret kjem bort. Nasjonalt Garborgsenter skal vera nettopp det – eit senter for heile landet.

I Noreg er det ikkje kvardagskost at kommunar brukar arkitektur til å visa fram ein visjon på denne måten, sjølv om alle kjenner Bjørvika i Oslo. At dei vidsynte personlegdommane Hulda og Arne Garborg, modernistar i si tid, får sitt senter i eit slikt miljø, er gledeleg og heilt på sin plass.

Det er grunn til å gratulera Jærmuseet, Rogaland fylkeskommune og Time kommune med heile denne satsinga. Me ser fram til å følgja utviklinga i den nye bydelen.

utdanna befolkning i Vågå. Fleire unge, kompetente folk vil trekkje til seg nytt næringsliv, slår Ap-ordføraren fast. Dei andre nominerte til Kommuneprofilen 2009 er avtropsande ordførar i Sunndal, Tove-Lise Torve (Ap), kommunikasjonssjef for Full City-oppryddinga, Vivi Sævik, bystyremedlem i Oslo og nestleiar i Høgre, Erling Lae, prosjektleiar i Mandal, Siren Vetnes Johannessen, og kommunestyremedlem for Rødt i Vågsøy kommune, Geir Oldeide. Prisen går til ein kandidat som har utmerka seg i løpet av året og gjerne over fleire år.

gane skil seg mykje frå region til region.

– Kvar sjuande nynorskelev har gått over til bokmål på vegen frå 1. til 10. klasse, seier Ottar Grepstad. Det forklarar han med språkpress og dårleg språklege sjølvtilitt. Direktøren i Ivar Aasen-tunet legg vekt på at fleire nynorskbukarar må få bli verande nynorskbukarar. – Då må nynorskelevane få møte meir populærkultur og lesestoff i si eiga målform, og undervisninga i nynorsk som hovudmål må bli betre, seier Grepstad.

### SJUKEFRÅVERET

Haukeland Universitetssjukehus i Bergen har fått kjeft av Språkrådet for at dei ikkje følgjer mållova når det gjeld skilting av bygga og i administrative rutinar. Styret og administrasjonen legg seg flate og forsikrar om at sjølv om ting tek tid, ønskjer dei å skjerpa seg og følgja lova. Stortingsrepresentant Arne Sortevik (FrP) seier derimot til Bergens Tidende at han vert sjuk av heile mållova.

Kanskje ideen om ein karensdag kan ha noko for seg likevel?



Vidar Hoviskeland er dagleg leitar i LNK

# Vil nå dei unge

**Svein Olav Langåker (32) er tilsett som prosjektleiar i Ung til sinns – på nett.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Dette er eit veldig spanande prosjekt som eg er glad eg har fått sjansen til å jobbe med, seier Svein Olav Langåker, som i dag er nettansvarleg i avisa Sunnhordland. Han tiltreir stillinga som prosjektleiar i *Ung til sinns – på nett* innan 1. mars neste år. Og flyttar dermed frå verdas største nynorskby til verdas største bokmålsby.

### MEIR SYNLEG PÅ NETT

Sjølv har han som journalist alltid brukt nynorsk, med unntak av ein periode på VG Nett.

– *Kva meiner du om at landsdekkande aviser ikkje slepp til nynorsk i spaltene?*

– Eg likar det ikkje, men det er vel mest synd for dei. Det er dei som får journalistar som ikkje får slå seg laus i eiga målform, og eventuelt går glipp av dei i det heile teke. Dessutan synest det lite gjennomtenkt. I vår slo til dømes Aftenposten fast at muslimske kvinner bør få med seg sine kulturelle markørar på jobb i politiet. Samstundes nektar avisa eigne tilsette å nytta ein verdifull kulturell markør som nynorsken.

No håpar han at nettstedet Ung til sinns kan vere med på å gjere nynorsken meir synleg i media, ikkje minst på nett. Svein Olav Langåker legg også vekt på at ein bør utvikle fleire kanalar for nynorsk i media, og då særleg på nasjonalt nivå. Han meiner Ung til sinns-prosjektet er dome på eit slikt initiativ.

– Det er dessutan viktig at alle journalistar, anten dei brukar



Skal motivera: Svein Olav Langåker (32) håpar nettavisa Ung til sinns blant anna skal motivere fleire unge skribentar ut i journalistikken. (Foto: Per Egil Larsen, Mediehuset Sunnhordland)

## Ung til sinns

Den planlagde nettavisa Ung til sinns – på nett skal sikre eit betre nynorsk tilbod på nett, og vil ha hovudvekt på regionale nyhendesaker og kulturstoff for og av ungdom. Meininga er at stoffet skal treffe ungdommen på deira premisser. Nettavisa er eit planlagt samarbeid mellom LNK, Nasjonalt Garborgsenter (Jærmuseet), nettiddskriftet Magasinett, Pirion, ABC Startside og Kulturdepartementet. Dessutan skal ti norske aviser levere journalistisk stoff til satsinga.

nynorsk eller bokmål, har eit medvite forhold til språket og passar på at til dømes skrivefeil ikkje blir så innarbeidde at ein trur på dei sjølv. Eg blei nettopp tipsa om at Høgskulen i Sogn og Fjordane har gått gjennom Sogn Avis og laga ein rapport til dei om språkbruken deira. Eit flott initiativ som fleire burde nytta seg av.

### VIL MOTIVERE DEI UNGE

Langåker gir uttrykk for at han finn arbeidsfeltet nynorsk og ungdom veldig spanande, ja mykje av grunnen til at han sokte jobben. I tillegg har han stor interesse for utviklinga innan digitale medium. Han legg vekt på at ABC Startside er ein stor og tung aktør på nett som truleg kan gi den nye nettavisa ekstra trafikk.

– *Korleis skal de nå ut til ungdommen?*

– Det blir ikkje berre enkelt, så mange val som ein har i dag. I dag blir det meir og meir slik at det er nyhenda som må finna deg, og ikkje du som må finna nyhenda. Men sidan ungdommen er pålogga nesten heile tida, så har dei eit stort mobiliseringspotensiale. Sosiale medium som Facebook og Twitter kan hjelpe oss å nå dei. Det er òg viktig at Noregs tredje mest leste nettsted, ABC Startside, er med. Dei vil vera ein naudsynt trafikkmotor. I tillegg er nettverket av samarbeidspartnarar viktig. Eg håpar satsinga kan gje alle deltakarar fleire lesarar og fleire bidragsytarar.

Langåker viser også til at ABC Startside er kjent for å satse på borgarjournalistikk og håpar Ung til sinns kan medverke til å motivere fleire unge skribentar til å ta steget ut i journalistikken.

### Mimi Bjerkestrand ny leiar i Utdanningsforbundet



Foto: Utdanningsforbundet

inn for Holst.

Då stemmene var talde, viste det seg at Bjerkestrand vann med 97 stemmer mot Holst sine 95.

– Det har vore ein lang og krevjande, men god prosess. Eg er audmjuk og kjenner eit veldig alvor. Eg er klar for

å ta dette ansvaret, men eg har ikkje sjanse åleine. De må hjelpe meg, sa Bjerkestrand då valsigeren var eit faktum.

Holst vart dermed innstilt som einaste kandidat til vervet som første nestleiar, og Ragnhild Lied vart vald til andre nestleiar utan motkandidat. (NPK)

### Haugsgjerd ny sjefredaktør

Hilde Haugsgjerd er tilsett som ny sjefredaktør i Aftenposten. Ho vart tilsett i avisa i 2004 som redaktør i Aften. Då kom Haugsgjerd frå stillinga som sjefredaktør i Dagsavisen. I 2004 fekk Haugsgjerd saman med tidlegare kulturredaktør i Dagsavisen, Cathrine Sandnes, Nynorsk redaktørpris. Redaktørprisen blir delt ut av Mediemållaget og skal gå til ein redaktør som arbeider for å styrkje nynorsk journalistikk.



Halvard Skard leiar i Kommunenes Sentralforbund (KS)

## På kommunevis

### Klimakutt må ein ta lokalt

Når København-prosessen skal gjerast om til praktiske klimatiltak her heime, vil kommunane kunne spele ei hovudrolle.

Faktisk kan kommunane dekkje halvparten av målet Stortinget har satt for norske klimakutt før 2020. Det viser SFT sin klimatiltaksanalyse, der ein slår fast at ein kan oppnå over åtte millionar tonn av målet for nasjonale klimakutt på 15-17 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter med kommunale verkemiddel.

SFT sin analyse viser også kor ein kan oppnå kutt. Mest er det å hente gjennom energitiltak i bygg, areal- og transporttiltak, landbruks- og tiltak for meir klimavenleg avfallshandtering. I tillegg kan det vinnast mykje gjennom å samordne tiltak på to, fleire eller alle av disse områda – og vi vil påstå at ingen er betre posisjonert til dette enn kommunane og fylkeskommunane.

**Eit godt eksempel** på korleis slike tiltak kan gjennomføres i praksis, finn vi i den nye klima- og miljøplanen for Rogaland. Gjennom areal- og transporttiltak skal det der opprettast aksar med kollektivlinjer mellom nærliggjande bysentra. Samtidig skal vidare utbygging av bustader, skular, barnehagar, butikkar, nye arbeidsplassar og lokale servicetilbod knyttast til desse kollektiv-aksane. Dermed sparer ein tonnevis med CO<sub>2</sub>-utslipp samstundes som det blir skapt grobrot for livskraftige lokalsamfunn.

Liknande planar finn vi i ei rekke større og mindre kommunar og fylkeskommunar rundt omkring i landet. Over 80 prosent av alle norske kommunar har nå eller er i ferd med å få ein klima- og energiplan.

Slike tiltak krev derimot betydelege investeringar – og som vi veit er kommuneøkonomien sterkt nok pressa som den er. Samtidig finst det ikkje finansielle verkemiddel på fleire viktige tiltaksområde.

**For raskt å få fart på** dei lokale klimatiltaka har vi i KS difor nyleg rådd staten til å opprette ei heilt ny ordning for kjøp av lokale klimakutt. I denne ordninga, som vi har kalla KLOKT (Klimakutt lokalt gjennom kommunale tiltak), skal enkeltkommunar eller grupper av kommunar samle sine tiltak i lokale klimaprogram. Samla CO<sub>2</sub>-kutt i programma vert så kontrollerte av ein uavhengig tredjepart, før dei blir forhandla med staten om pris for klimakutta.

Ordninga vil vere godt tilpassa allereie eksisterande verkemiddel, som Enovas ordningar. Støtte frå desse vil enkelt kunne bli trekt frå i den prisen staten er villig til å betale.

**Alt i alt** vil ei slik ordning koste staten mellom to og fire milliardar kroner fram til 2020, slik at dette vil bli svært kostnadseffektive utslippskutt. Det vil difor på alle måtar vere klokt å leggje til rette for store klimakutt gjennom lokale vedtak.



Fylkeskommunane og kommunane langs Rv13 arbeider for at vegen skal bli ein moderne og tenleg transportkorridor for innbyggjarane, næringslivet og reisande. At vegen i samband med revisjon av Nasjonal Transportplan 2010-2019 fekk status som stamveg frå Rogaland til Sogn og Fjordane, syner at arbeidet har vore til nytte.

Dei norske fjordane er kåra til det beste reisemålet i heile verda. Fjordvegen - Rv13 - slyngar seg gjennom eit fantastisk fjordlandskap, frå Førde i nord til Sandnes i sør, gjennom levande bygder, pulserande tettstadsmiljø og fjellovergangar som vil imponera dei fleste.

Av 18 vegstrekningar i Noreg får tre vegstrekningar på Rv13 – Gaularfjellet, Hardanger og Ryfylke – status som Nasjonal Turistveg.

[www.fjordvegen.no](http://www.fjordvegen.no)

Rv13 – Fjordvegen – Den indre stamvegen på Vestlandet

# 7 millionar til Garborgsenteret

**Pengane kom til slutt. Nasjonalt Garborgsenter fekk nyleg 7 millionar kroner frå dei raudgrøne politikkarane.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Nyleg fekk Garborgsenteret støtte frå ein samla familie- og kulturkomitee på Stortinget. I innstillinga har komiteen følgjande merknad om Nasjonalt Garborgsenter:

”Komiteen mener realiseringen av et nasjonalt Garborg-senter i Time på Jæren er viktig, og ber Regjeringen holde frem arbeidet med å finne en løsning for å få realisert senteret og utstillingen i tråd med vedtatte planer.”

Prosjektet fekk ikkje midlar over statsbudsjettet tidlegare i haust. Først no kom også pengane på plass, frå tippemidlane via posten: «tilgjengelege spelmidlar til regionale møteplasar og formidlingsarenaer for kultur» – Me er svært glade for at alle partia har stilt seg bak realiseringa av eit nasjonalt Garborgsenter, seier prosjektleiaren Einar Schibevaag, som kunne ta i mot pengesjekken frå Magnhild Meltveit Kleppa (Sp), Eirin Sund (Ap), Hallgeir Langeland, (SV) og Geir Pollestad, (Sp).



– Det gir etableringa brei politisk støtte og dermed ein trygg plattform for arbeidet, meiner han.

– Eg var aldri i tvil om at me skulle få dette til, sa Meltveit Kleppa til Stavanger Aftenblad då ho delte ut

pengesjekken på Bryne. Tidlegare i år var det nemleg Kleppa som tok det første spadestikket for Garborgsenteret på Bryne.

– Eg synest det er heilt fantastisk at me klarte å få desse midlane på plass

**Julegåve:** – Me er svært glade for at pengane er på plass. Einar Schibevaag, som kunne ta i mot pengesjekken frå Magnhild Meltveit Kleppa (Sp), Eirin Sund (Ap), Hallgeir Langeland, (SV) og Geir Pollestad, (Sp). (Foto: Ingeborg Skrudland)

til slutt. Det betyr veldig mykje både for Garborgsenteret og det nasjonale kulturlivet, seier Eirin Sund til LNK-avisa.

Ho legg også vekt på at midlane vil vere på plass innan utgangen av året.

– Dette viser berre at når ein samarbeider og brettar opp ermane, kan ein få til det meste, slår ho fast og legg til at fleire frå rogalandsbanken har arbeidd intenst for å finne ei løysing. Ho legg vidare vekt på at tidlegare kulturminister Trond Giske også meinte dette var ei god sak, men at ein då ikkje fann midlane som det var behov for.

– Kjem det ytterlegare midlar i 2010?

– Eg har lært at eg aldri skal love noko slikt. Men det er klart at merkna den frå familie- og kulturkomiteen også seier noko om framtida, meiner Sund. Midlane frå regjeringa betyr at arbeidet med å bygge opp innhaldet i senteret no kan halde fram. Meininga er at Nasjonalt Garborgsenter på Bryne skal opne i 2011.

**ABC Startside®**  
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett

[www.startside.no](http://www.startside.no)

## For lite nynorsk

Haukeland sjukehus vert kritisert for å bruke lite nynorsk. Dårlege nynorskknunnskapar blant dei tilsette blir trekt fram som ei av årsakene.

Sjølv om Haukeland sjukehus berre skal nytte nynorsk, så er dette langt frå ein realitet, skriv Noregs Mållag på sine nettsider. No blir språkbruken ei styresak.

Helse Bergen er ein statleg institusjon, og sjølv sagt må Helse Bergen som alle andre statlege føretak og institusjonar følgja dei statlege lovene og forskriftene som gjeld for desse, seier direktør i Språkrådet, Sylfest Lomheim til Bergens Tidende.

No må leiinga sjå til å ta ansvar. Det held ikkje å orsake seg med at språkkompetansen intern på sjukehuset ikkje er god nok. I Bergen og på Vestlandet finst det sikkert hundrevis av personar som har den kompetansen som skal til for å gi dei tilsette den opplæringa dei treng for å nytte tenestemålet, held han fram.

I saksapira til Helse Bergen vert dårlege haldningar, dårleg økonomi og dårlege nynorskknunnskapar trekt fram som forklaringar på den låge nynorskprosenten, skriv nm.no

- for deg som meiner noko


**MAGASINETT**

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

[www.magasinett.no](http://www.magasinett.no)

Nett det du treng på nettet?

**NO OG MED EIGA  
HANDBOK  
FOR LÆRAREN!**



Leseåret 2010

# Vil nå nye lesegrupper

Eit av hovudmåla med Leseåret 2010 er å få fleire grupper til å byrje å lese.

JUDITH SØRBUS LITTLEHAMAR  
juth@norsk-plan.no

– 30 prosent av vaksne forstår ikkje innhaldet i det dei les. Det må me ta på alvor, seier Ine Marit Torsvik Bertelsen.

Bertelsen er tilsett i Rogaland fylkeskommune som litteratur- og kulturformidlar. I tillegg er ho blant anna leiar for litteraturpolitisk utval i Norsk Bibliotekforening og ein av initiativtakarane bak Leseåret 2010.

– Målet er å få til ein heilskapleg lesepolitikk. Det blir viktig å få fram alle dei gode eksisterande tilboda me har, og samstundes klare å samarbeide tverrfagleg, slår ho fast og viser til eit leseprosjekt i Oslo- og Akershus hotell og restaurantarbeiderforening.

## ETTERLYSER SAMARBEID

– Dei har tidlegare hatt leseopplæring for sine tilsette, og det er jo heilt fantastisk. Men kvifor kunne ikkje fleire samarbeide om slike prosjekt og kanskje utvikle ein modul som kunne brukast i andre bedrifter, undrar ho.

Bertelsen legg vekt på at ein må møte dei nye lesegruppene der dei er, hjå NAV, ute på arbeidsplassane og gjennom fagforeningar. Bertelsen arbeider for tida også med ein nasjonal kampanje, der fokuset er på kvifor ein skal bruke biblioteket.

– Besøksstala på biblioteka er positive, men også her må me prøve å få tak i nye grupper og vise fram mangfaldet på biblioteket, meiner ho.

– Trur du leseåret kan gi oss fleire bøker?

– Det er eg absolutt ikkje oppteken av, me druknar jo nesten i bøker. Det er langt viktigare at me får fleire til å byrje å lese, slår ho fast.



Ny satsing: Målet med Leseåret 2010 er å få fleire grupper til å lese meir. (Illustrasjonsfoto: Judith Sørbus Littlehamar)

## BOKSJEKKAR

Dagleg leiar og bokansvarleg i alliansen Leser søker bok, Anne Marit Godal, er samd med Bertelsen i at den største utfordringa er å få fleire til å lese. Leser søker bok arbeidar for at alle skal ha tilgang til litteratur, og sørgjer for at det blir produsert tilrettelagde bøker ved å gi støtte til forfattarar, illustratørar og forlegjarar. I tillegg arbeider alliansen for at lesaren lettare skal kunne finne fram til bøkene. Alliansen består av organisasjonar på både produksjons-, formidlings- og lesarsida.

– Eit av måla med leseåret er heilt klart å skape ei endring hjå dei som ikkje les noko særleg frå før. Og det er klart at dersom fleire vaksne byrjar å lese, vil det også føre til meir lesing blant barn og unge, men dette vil vere ein tilleggsverknad. Det er dei vaksne som er hovudmålgruppa, konstaterer ho.

Blant anna vil Leser søker bok dele ut boksjekkar til LO-medlemmer, som

gir fem gratis bøker på biblioteket. Godal viser også til at Leser søker bok skal samle fylkesvise og deretter lokale nettverk av dei ulike fagforbunda og biblioteka. Dei skal samarbeide om å få til aktivitetar som kan få medlemmane til å lese meir. No håpar Godal at den statlege støtta kjem på plass. Prosjektet vart lova seks millionar kroner over statsbudsjettet tidlegare i haust. ABM-utvikling fekk i utgangspunktet ansvaret for å organisere arbeidet med leseåret, men så snudde styresmaktene.

– No veit me ikkje kven som får denne oppgåva. Eg meiner jo bestemt at det er noko me kan utføre dersom ABM-utvikling ikkje skal gjere det. Departementet må i alle fall få dette på plass no, slår Godal fast.

## HÅPAR PÅ AVKLARING

– Regjeringa la fram forslag i statsbudsjettet om at me skulle ha sekretæransvaret for prosjektet, men den siste meldinga me har fått, er at det

ikkje skal vere noko sekretæransvar, så no veit me faktisk ikkje, seier direktør i ABM-utvikling, Leikny Haga Indergaard.

Ho meiner Leseåret 2010 er eit positivt tiltak, ikkje minst sidan dette er meint å vere byrjinga på ei fire år lang satsing.

– Vi likar også målsetjinga om å auke lesinga hjå dei vaksne som ikkje les så mykje frå før. Me har ikkje hatt så mange slike prosjekt før, slår ho fast.

Indergaard meiner målet med prosjektet må vere at fleire skal byrje å lese, og at fleire skal lese meir. Men også ho etterlyser no ei avklaring på kven som skal organisere prosjektet. I skrivande stund er det ikkje bestemt kven som eventuelt skal ha sekretæransvaret.

– Me har fått signal om at dette vert avklara snart. Det er me glade for, seier Indergaard.

## Leseåret 2010

2010 er av Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet utpeikt som nasjonalt leseår. Leseåret 2010 skal vere starten på eit leseløft som skal vare fram til 2014. Det er løyvd 6 millionar kroner til prosjektet over statsbudsjettet. I statsbudsjettet vart ABM-utvikling tillagt sekretæransvar for prosjektet. Det er no usikkert kven som får den rolla.

# Håpar på litteraturløft

– Me må gi folk positive opplevingar med det å lese, seier dagleg leiar i foreninga !Les, Ketil Kolstad, om Leseåret 2010.

JUDITH SØRBUS LITTLEHAMAR  
juth@norsk-plan.no

– Me treng eit leseår fordi ei lesande befolkning ikkje er ei sjølvfølge. Noreg er eit land av lesarar der 93 % av befolkninga las minst éi bok det siste året, og der norske foreldre er i europatoppen når det kjem til høgtlesing for barn. Dette er gledelege fakta og eit resultat av langsiktig satsing på å gjere litteratur tilgjengeleg, meiner Kolstad. Han meiner Leseåret 2010 bør ha som målsetjing å få endå fleire til å lese meir, noko som forhåpentlegvis vil bidra til å minske skilnadene mellom sosiale lag, kulturar og kjønn, slår han fast.

– Leseåret er i så måte eit demokratiserende prosjekt. Skal vi lukkast, er det aller viktigaste å gi folk positive opplevingar med det å lese og med litteraturen.

– Kva forventingar har du til Leseåret 2010?

– No skriv me tiande desember, og me veit enno ikkje noko om kva Leseåret 2010 vil bringe av konkrete tiltak. Det er løyvd 6 millionar kroner over statsbudsjettet, noko som kan hende ikkje er nok til å møte



Utjamna skilnadar: Leiar i foreninga !Les Ketil Kolstad vonar leseåret vil bidra til å minske skilnadane mellom sosiale lag, kulturar og kjønn. (Foto: Judith Sørbus Littlehamar)

forventingane til aktorane på lesefeltet. Men eg håper at leseåret vert eit skikkeleg løft for lesinga og litteraturen sine kår. Det må vere lov å håpe at ein nyttar høvet til å samordne fleire av dei eksisterande lesetiltaka, slik at vi får enno meir ut av dei. Heile befolkninga skal ved eitt eller anna høve støyte på leseåret, anten det er i institusjonar som skule, bibliotek eller sjukeheim, eller i det offentlege

rommet. Eg forventar at mange får ei positiv oppleving av det å lese og håper at dette vert særdeles smittsamt, seier han.

# Støttar bibliotek

LNK vil vere med på å støtte nynorskprosjektet Nye tider – ny norsk, som biblioteka i Nordhordland gjennomfører.

JUDITH SØRBUS LITTLEHAMAR  
juth@norsk-plan.no

Biblioteksjef ved Lindås folkeboksamling, Marit Gro Berge, meiner at prosjektet skal framheve den nynorske litteraturen.

– Me ynskjer å få den nynorske litteraturen lenger fram i hyllene. Ofte druknar den i meir populær litteratur som til dømes Harry Potter-bøker, seier ho og viser til at dei tilsette i biblioteka i dei åtte kommunane som deltek i prosjektet, har lest seg opp på den nynorske litteraturen.

– Slik at me er betre rusta til å formidle den vidare, slår Berge fast.

Prosjektet har vore i gong sidan 2008 og har til no mellom anna gjennomført formidlingsturnear til skulane i Nordhordland. På desse turneane har det vore fokus på nye bøker, forfatarbesøk og kurs i den nynorske litteraturen av året. No vil prosjektet jobba vidare i 2010 med å få til lesesirklar for ungdom og vaksne og å utvikle eit lespespele for barn.

Prosjektet er utvikla av LNK som eit pilotprosjekt, og organisasjonen håper det kan ha relevans for satsing andre stader i landet. LNK støttar derfor prosjektet med 70 000 kroner. Etter nyttår vil det kome på plass ein prosjektleiar som skal leie arbeidet vidare.

## Seminar om nynorsk i barnehagen

Kvifor skal barn møte nynorsk i barnehagen, spør Suldal mållag. Svaret på det håper dei å kunne gje publikum under ein konferanse på Sand i Ryfylke 9. februar neste år. Her skal mellom andre Ingeborg Mjør frå Universitetet i Stavanger, direktør Sylfest Lomheim i Språkrådet og Janne Karin Støylen frå Nynorskcenteret snakke om aktuelle utfordringar knytte til nynorsk, dialektbruk og kulturformidling i barnehagen.

Det er Suldal mållag saman med Rasmus Løland-markeringa, Ryfylkemuseet og Suldal kommune som inviterer til konferanse.

Arrangementet er gratis, men ein må melde seg på for å få delta. Målgruppa for konferansen er tilsette i barnehagar og barneskular, politikarar, føresette og andre interesserte.

Kjelde: nashornet.no

## Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

FAGFORBUNDET



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040  
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

## NORWAY IN AMERICA konferansen

Stavanger 6.-7. mai, 2010.

### Demokratiet: Blåmandag eller grøn framtid?

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmeland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Siktemålet er å snu trenden og auka det politiske engasjementet blant unge.

Nasjonalt Garborgsenter står for gjennomføringa av prosjektet.

Spelar det noko rolle kva farge politikken har dersom dei unge ikkje bryr seg? Konferansen set lys på kva som kan gjerast og blir gjort for å auka det politiske engasjementet blant dei yngste veljarane.

Konferansen er særleg retta mot dei politiske partia sine lokal- og fylkeslag, valstyra, valarbeidarar, pedagogisk personell i skulen, media og ungdomsorganisasjonar.

Set av 6. og 7. mai - to dagar som kan rokka med demokratiet.

Konferansen blir arrangert i samarbeid med ei rekkje nasjonale organisasjonar.

Påmelding seminar@garborg.no

# Formidling nyttar

– Komande lærarar må lesa barnebøker og vera formidlarar av god barnelitteratur, seier Forlagsredaktør i Mangschou, Anne-Stefi Teigland

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND  
astrid@norsk-plan.no



**Litteraturformidlar:** Forlagsredaktør i Mangschou, Anne-Stefi Teigland, har lang erfaring med litteraturformidling i skulen og oppmodar lærarar til la elevane få meir lesetid. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

På barnelitteraturfestivalen Falturiltu vende Teigland seg til lærarstudentane i salen og oppmoda dei til å synleggjere og leggja til rette for lesing.

– Bøkene bør vera der borna er, og dei må få kjennskap til og tilgang til bøker. Ein lærar bør bruka ein tredjedel av si ubundne tid på å lesa, understrekar Teigland. Men ein må gjerne bruka fritida si i tillegg.

– Det er framleis lærarar som held litteratur på altfor lang avstand. Sjølv jobba ho med litteraturformidling via prosjektet "Gje rom for lesing" i perioden august 2003 til 2006. Då besøkte ho rundt 400 skuleklassar og formidla litteratur til mellom- og ungdomssteg og til elevane i den vidaregåande skulen. I tillegg har ho hatt rundt 100 kurs for lærarar.

## BOKMÅLSDAMA LES NYNORSK

– Elevane må ha god tid til å lesa, understrekar Teigland. Du finn ikkje ut om ei bok er god, i løpet av dei to fyrste sidene. Mange av elevane i dag stressar av garde. Ein kan ikkje venta av ein elev at han skal koma i gong med lesing i løpet av dei ti siste minuttane av ein time.

I perioden Teigland jobba med litteraturformidling i skulen, møtte ho mange engasjerte lærarar. Men det var og fleire gonger ho opplevde at lærarane melde seg ut og ikkje deltok i litteraturformidlingsdelen. Teigland vart og oppfatta som ei bokmålsdame på grunn av dialekten og fekk ofte

spørsmål om kvifor ho formidla nynorskbøker på ein bokmålskule.

– Det er synd for dei som ikkje forstår nynorsk, for dei går glipp av gode bøker, seier Teigland.

– Det er deira problem, ikkje mitt. Nynorske bøker hadde og har ein heilt sjølvsgagt og naturleg plass i mi formidling, understrekar Teigland. Dei vart presenterte på lik linje med dei andre barnelitteraturbøkene. Ofte valde ho nynorske bøker til å lesa høgt for å skapa ei god stemning innleiingsvis. Ho las også høgt medan elevane såg på ulike omslag på bøker som var utstilte utan å vere kategoriserte utifrå språk eller innhald. Slik fekk ho til ein dialog om bøkene med elevane.

## NYNORSKSYTING

– Det er ein fiks idé mange har, at det er så vanskeleg med nynorsk, seier Teigland. Ho hevdar det er vaksne

som konstruerer denne problemstillinga. Det er ikkje rart at elevane streikar når det er så mange lærarar som ikkje vil lesa nynorsk. Men hjå meg fekk dei ikkje sympati for nynorskkytinga si, smiler Teigland.

Ho har også eit hjertesukk når det kjem til mengda av litteratur som er tilgjengeleg på dei ulike skulebiblioteka. Det må skaffast bøker, og det må vera fleire enn eit eksemplar av kvar bok. Born må sleppa å venta i veker og månadar på å få lesa den boka dei vil. Teigland meiner skulane i dag diverre har større vilje til å bruka pengar på ekstern formidling enn på å kjøpa inn bøker.

## UNNGÅ KATEGORISERING

– Det er viktig at barn får møta vaksne som les barnelitteratur og tek den på alvor, seier Teigland. I si tid som litteraturformidlar erfarte ho at elevane opplevde å bli tekne på alvor ved at

det var ein vaksen som las det dei hadde lyst til å lesa.

– Barnebøker blir i for stor grad kategoriserte, meiner Teigland. Ved å ikkje definera ei bok som jentebok eller guttebok, men formidla innhaldet, kan boka treffa breiare.

– Skal du formidla ei bok vidare, skal du ha lest ho fyrst, understrekar Teigland. Det nyttar ikkje skemma i andre sine meldingar og baksidetekstar når du skal formidla ei bok vidare. Ei god formidling kan vera med på å gje knaggar og nøklar for utrente lesarar. Som litteraturformidlar er det viktig å få elevane til å tru på deg. Dei må bli overtydde om at du som formidlar likar dei bøkene du fortel om. Det er viktig som formidlar å ha eit ynskje om å dela kunnskap med andre.

Det er ulike måtar å koma inn i ei bok på. Ein kan samanfatta plottet, ta tak i hovudpersonen, rammene, framside- og baksideteksten, eller sjå på konteksten ut frå noko som hende den eine dagen du presenterer ho.

Teigland meiner ein må unngå å definera bøker som morosame, spennande og kjekke. Det er godt mogleg å snakka om bøker ut frå andre ting. Å vera ærleg og formidla problem undervegs i lesinga er også heilt legitimt. Alle elevane skal ikkje lika dei same bøkene. Teigland hadde fylldige litteraturlister når ho dreiv med litteraturformidling i skulen. På den måten signaliserte ho at det finst ei bok til alle, og at alle ikkje treng same bok. Ho valde også å la godt profilerte bøker som *Harry Potter* og *Ringenes Herre* bli att. Ved spørsmål frå elevane om kvifor desse ikkje var med, svara ho at desse mest sannsynleg er kjende for alle.

– Målet må vera å finna bøker ein vil lesa sakte. Dei bøkene som eg les fort, er dei som eg ikkje likar, avsluttar Teigland.

Ei god jul og eit godt nytt år til alle våre samarbeidspartnarar i kommunane



## Nynorsk språk- og dokumentlære

Todagars kurs for statleg og kommunal forvaltning

### ALTERNATIV 1:

**Diagnose – kursdag – mellomliggjande arbeid – kursdag**  
Kurshaldaren lagar ein diagnose som resten av kurset blir lagt opp etter. Det mellomliggjande arbeidet gjev skrivetrening og høve til å arbeida ekstra med språket i organisasjonen.

### ALTERNATIV 2:

**Enkel diagnose – to kursdagar**  
Ein enklare variant for dei som treng oppfrisking og som har gode rutinar for språk.

HSF Oppdrag svarer gjerne på spørsmål og tek i mot tingingar på kurs: [hfsfoppdrag@hsf.no](mailto:hfsfoppdrag@hsf.no) eller telefon **57 67 60 00**

Kursa kan bestillast av ein oppdragsgjever og haldast på arbeidsplassen  
Kursa er utvikla i samarbeid mellom Landssamanslutninga av nynorsk kommunar og Høgskulen i Sogn og Fjordane.



HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE

www.svgsogdesign.no

KLP Kreditt AS  
KLP Kommunekreditt AS  
Selskaper i KLP-konsernet  
Beddingen 8, Pb. 8814, 7481 Trondheim  
Tlf: 73 80 95 80 Faks: 73 80 95 81  
E-post: [post@kommunekreditt.no](mailto:post@kommunekreditt.no)  
[www.kommunekreditt.no](http://www.kommunekreditt.no)

**KLP**  
Kommunekreditt

## PORTRETTE

# Drøymevegen

**Ein god spøk førte henne inn i politikken. No gir Sigrid Brattabø Handegard (45) råd til samferdsleministeren.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

I 1995 var Sigrid Brattabø Handegard hjelpeleiar ved Vikevollen sjukeheim, heime hadde ho tre små ungar og ein mann. Livet var hektisk, og noko av det siste ho tenkte på, var politikk. Så kom spørsmålet om ho ville stå på kommunestyrelista til Senterpartiet i Jondal.

– Det er greit visst eg får førsteplassen, spøkte eg. Nokre dagar etter kunne eg lese i lokalavisa at det faktisk hadde skjedd. Senterpartiet gjorde eit godt val, og eg enda som varaordførar.

Ho ler hjarteleg av minnet. Mykje har endra seg sidan ho heiv ut den spøken. For å vere heilt nøyaktig er det 12 år som vararordførar, 2 år som ordførar og ein snau måned som politisk rådgivar i Samferdsledepartementet sidan den spøken.

– Eg var nok samfunnsengasjert på den tida også. Men eg tenkte ikkje der og då at eg skulle inn i politikken, meiner ho.

Livet som ordførar i Jondal var både utfordrande og givande. Jondalstunnelen var i boks. Første salva var alt skoten i tunnelprosjektet som skal knyte saman kommunane på og rundt Folgefonn-halvøya. Tunnelen skal stå ferdig i 2012 eller 2013 og har fått ein prislapp på vel 800 millionar kroner. Heimkommunen til Herborg Kråkevik såg optimistisk på livet. Pengane til den siste forlenginga av tunnelen på Jondal-sida var også endeleg på plass, og det på rekordtid. 46,6 millionar kroner kom på bordet i løpet av fire veker. Ordførar Sigrid Brattabø Handegard hadde hatt Jondalstunnelen til frukost, middag og kvelds. Sjølv skildrar ho den perioden som noko av det mest krevjande ho har vore gjennom. Og så kom telefonen frå Magnhild Meltveit Kleppa.

– Eg hadde fått eit tips om at den kanskje kunne kome. Men det var eit vanskeleg val. Eg treivst så godt i den rolla eg hadde. Det var så mykje på trappene i Jondal eg hadde lyst til å vere med på. Men på den andre sida: kor ofte får ein slik ein sjanse? Truleg berre éin gong i livet, slår Handegard fast.

– Kva svarte du på telefonen?

– Eg sa at eg gjerne ville det dersom dei trudde eg kunne gjere ein god jobb.

Dermed sa ho ja til å bli politisk rådgivar i Samferdsledepartementet og ja til å bli pendlar.

– Eg har tre vaksne barn og ein mann som driv eiga bedrift. No var tida då dette kunne gå. Men eg har jo ikkje sett området i Oslo der eg bur, i dagslys. Det er mørkt når ein går på jobb, og mørkt når ein kjem heim. Det er ingen 9 til 16-jobb, men det var det heller ikkje å vere ordførar, slår ho fast. Og i helgane prøver ho å reise heim. Då er det familien som tel.

Kvardagen i departementet er hektisk, men eit par treningstimar i veka blir det likevel tid til. Det handlar om prioritering. Skal ho fungere, må ho trenne. Slik er det berre.

– Eg likar å vere ute, å gå til fjells både sommar og vinter. Eg likar å halde meg i form, og det er heilt naudsynt i denne jobben.

Samferdsle har alltid vore viktig på Vestlandet. Rassikring, vegutbetring, ferjetider og tunnelar. Er det nokon som kan gi råd om samferdsle, må det vere ein ordførar frå Vestlandet.

– Har du gitt nokre råd til ministeren enno?

Handegard skratler.

– Dei råda gir eg berre til ministeren.

Så var det sagt. Og på spørsmålet om ho brenn meir for éi sak enn for andre, svarer ho diplomatisk at regjeringa skal arbeide for å oppfylle det som blir lova i Soria Moria og i nasjonal transportplan. Ikkje noko mindre og ikkje noko meir. Likevel legg ho ikkje skjul på at den milliarder som er lova til rassikring, er viktig, og det er viktig å få på plass ei utgreiing om høgfarbane. Miljøsaaka er også viktig.

– No står samferdslesektoren for ein tredjedel av klimaletsleppa i Noreg. Det må me ta på alvor, meiner ho.

– Men har Vestlandet fått ei ekstra stemme no i debatten?

– Eg skal sjølvsagt ta vare på interessene i heile landet. Men eg tenkjer at det kan vere ein fordel å vite kor ein kjem frå.

Og Handegard kjem ikkje berre frå Jondal. Ho kjem frå Hardanger og Vestlandet. Ein region og ein landsdel der praten ofte handlar om nye bruer og smale vegar.

– Eg kjenner meg godt igjen i mange av dei utfordringane kommunane har. Den andre dagen på jobb i departementet var eg med ministeren på opning av ein ny veg og tunnel på

Lista. Det er så synleg kor lenge folk har venta på dette, når ein ser korleis barnehagen, eldresenteret og skulen møter opp på opninga.

Grasrota er viktig for Handegard. Kva folk flest meiner, og korleis dei vil ha det. Hennar oppgåve blir å vere med på å gjere det enklare for folk, meiner ho sjølv. Å freiste å redusere avstandsulempene, gjere det enklare å kome seg fram i byane, og ikkje minst betre rassikringa.

– Eg kjem sjølv frå ein kommune der du må vere inne kl. 22 fordi siste ferja har gått, og den einaste vegen ut er foreslått verna. Med dette som bakgrunn forstår eg kor viktig samferdsle er for folk, slår ho fast.

Heime i Jondal sit varaordførar Svein Johan Bakke.

– Me gler oss med henne. Dette fortente ho. Og no har me jo eit kjent ansikt å ringe til i departementet, meiner han og legg til at det er viktig både for Jondal, Hardanger og Hordaland å få ein ordførar så sentralt plassert. Samferdsle er viktig for oss, slår han fast.

Og forventningane i heimkommunen er til å ta og føle på. På det siste kommunestyremøtet Handegard var tilstades på, låg forventningane tett i tett.

– Det er nok i overkant av kva ein kan forvente av ein politisk rådgivar, smiler ho.

– Korleis har den første tida i ny jobb vore?

– Det er veldig spanande. Ein blir jo kasta inn i eit system der det skjer mykje. Ein skal finne sin plass, samstundes som ein skal ta stilling til mykje på kort tid.

– Kva er den største forskjellen frå livet som ordførar?

– I ein liten kommune er det kort avstand mellom dei som styrer og innbyggjarane. Det er det ikkje her. Og så er eg ein del av stort system med mange flinke folk som legg alt til rette for meg. I kommunen er me færre.

– Eg har alltid hatt eit engasjement for likeverd mellom by og land. Og så er eg overbevist om at det er innbyggjarane, næringslivet og kommunane i fellesskap som er dei beste til å utvikle gode lokalsamfunn. Marknaden kan aldri skape eit samfunn folk er glad i. Men partiet har kanskje ikkje klart å halda godt nok på dei veljarane dei vann under EU-kampen.

Atter ein gong er me attende til grasrota. Kven som bestemmer, og kven som blir styrt. Ideologi er viktig. Handegard meiner at media ikkje ynskjer å sjå det store biletet, sakene blir spissa, og overskriftene blir for store. Saka blir ikkje sett inn i ein større samanheng. I tv-debattane får ein jo ikkje tid til å dra eit skikkeleg resonnement, seier ho. Ideologi er ein viktig del av identiteten. Det er også språket.

– Språkpolitikken har ein liknande dimensjon som den om by og land. Det er ein debatt det er viktig å få fram. Det handlar om likeverd og respekt for begge målfornene våre.

Handegard er sjølv ivrig nynorskbrukar og ser at samfunnet påverkar mange barn og unge i motsett retning. Det vert så lett å ty til bokmål.

– Me må gi barn og unge sjølvtilitt til å vere stolte over dialekten og språket deira. Og ein må byrje i barnehagen og i skulen, slår ho fast. Og me som politikarar kan vere eit førebilete og bruke språket vårt i den rolla me har.

Først varaordførar, så ordførar og no rådgivar i departementet. Kva drøymer du om no?

– Haha. Det er lite tid til å drøyme i denne jobben. Men eg trur jo at eg kjem til å få ta del i mykje spanande.

Ho tek ein pause og tenkjer seg om.

– I grunn så drøymer eg ikkje så mykje. Eg har eit godt liv.

– Eg kjem sjølv frå ein kommune der du må vere inne kl. 22 fordi siste ferja har gått, og den einaste vegen ut er foreslått verna.



## Sjølvmelding

**Namn:** Sigrid Brattabø Handegard

**Alder:** 45

**Bur:** Jondal /Oslo

**Aktuell:** byrja nyleg som politisk rådgivar i Samferdsledepartementet.

**Les:** saksdokument, aviser. Det er ikkje mykje tid til anna, men eg likar godt å lese skjønnlitteratur.

**Høyrrer på:** stilla. Av og til er det godt å ha det heilt stilt

**Førebilete:** Anne Enger

# Kulturpengane blir i Oslo

**Ei ny kartlegging viser at store deler av kulturpengane frå staten blir verande i Oslo.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Kommunane og fylkeskommunane på Vestlandet må snakke saman om korleis dei kan få støtte til fleire prosjekt, meiner leiar for kulturseksjonen i Rogaland fylkeskommune, John Gunnar Johnsen. Helge Røed er prosjektleiar for rapporten *Kulturen og det regionale Noreg*, som Agderforskning har lagt fram.

– Alle regionar i Noreg har kultur som satsingsfelt. Difor er det interessant å sjå korleis staten, den viktigaste aktøren, fordeler pengane, seier Røed til Stavanger Aftenblad.

### VANSKELEG LOGIKK

Medan Oslo får 2487 kulturkroner per innbyggjar, får Sørlandet til dømes 737 og Vestlandet 799 kroner per innbyggjar. Røed peikar på at noko av forklaringa ligg i at Oslo har fleire store, nasjonale institusjonar som skal ha ein nasjonal funksjon.

– Likevel får Oslo heile tida meir enn det folketalet skulle tilseie, og det er vanskeleg å finne nokon logikk i dette, seier Helge Røed til Aftenbladet.

Han viser også til at det er ganske stille rundt fordelinga, noko han trur kan forklarast med at mange nok ikkje er klar over korleis kulturmidlane blir delte ut.

Oslo har så å seie monopol på alt som kan kallast nasjonalt, og dermed kjem på statsbudsjettet. No skal kulturbudsjettet opp mot ein prosent av statsbudsjettet, og då bør regionane følgje med, for meir pengar kan elles bety endå meir til det sentrale Austlandet.

Dette er ein velkjent situasjon, meiner fylkeskultursjef i Hordaland, Ronny Skaar.

– Det er ei sterk sentralisering i norsk kulturpolitikk. Og den er nok sterkare i Noreg enn i andre skandinaviske land. Det kan sjå ut som om staten er blitt meir opptatt av dei statlege kulturoppgåvene enn av dei nasjonale, meiner han.

Skaar skulle ynskt dei ulike forvaltningsnivåa kunne spelt meir saman



Kulturliv: Kulturlivet i Noreg er mykje meir enn Oslo. Her frå Norsk Industriarbeidermuseum i gamle Vemork kraftstasjon. (Foto: Judith Sorhus Lillehamar)

for å finne løysingar på kulturspørsmål. Og ikkje minst at staten brukte kompetansen og fagmiljøa ute i regionane meir enn dei gjer i dag. Elles kan ein i følgje Ronny Skaar fort miste bredden i kulturlivet.

– Ein burde revitalisere fylkeskommunen som medspelar i kulturpolitikken, slår han fast.

### BØR GÅ I DIALOG

John Gunnar Johnsen meiner kommunane og fylkeskommunane på Vestlandet må satse på dialog.

– Me har registrert rapporten som er lagt fram, og har også erfart dette i mange samanhengar. Kanskje er me ikkje flinke nok til å vise oss fram.

– Eg ser jo at det er i Oslo dei største institusjonane og mange av dei nasjonale ansvarsmåla ligg. Men eg håpar me kan ta fordelinga av kulturmidlane opp i ein større samanheng. Det er spanande at denne rapporten er lagt fram; no må me få til ein dialog

mellom kommunane på Vestlandet, slår han fast.

– Kanskje kunne me fått til ein konferanse der ein kunne diskutert dette, seier Johnsen og legg til at Rogaland til liks med dei andre fylka i regionen har mange store prosjekt som ikkje har fått støtte over statsbudsjettet.

– Det er ein veldig vitalitet og styrke i fylket, noko som er eit sunt

teikn for kulturlivet. Eg skulle ynskt me kunne fått drahjelp frå staten til fleire av prosjekta våre.

**Kulturen og det regionale Noreg**

Rapporten frå Agderforskning slår fast at kulturmidlane bør fordelast meir rettferdig mellom regionane i landet, og at ein bør oppheve skiljet mellom nasjonale og regionale kulturinstitusjonar. Samstundes bør kulturinstitusjonar i alle landsdelar gradvis sikrast ein solid statleg grunnfinansiering på linje med dei nasjonale institusjonane. Det blir også vist til at finansieringa av ulike prosjekt og institusjonar må få ein klarare regional fordelingsprofil, skriv Stavanger Aftenblad. Det er siftinga Cultiva, Sørlandets Kompetansefond, Sparebanken Vest, SR-bank og Sparebanken Pluss som har finansiert rapporten *Kulturen og det regionale Noreg*.

# – Bruk oss meir

**Politikarane kan få meir ut av nynorskorganisasjonane enn dei gjer i dag. – Vi kan hjelpe med så vel lov- og regelverk som med enkeltsaker, seier Vidar Høviskeland i LNK.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar har god kontakt med folkevalde på nasjonalt, fylkes- og lokalnivå. Som oftast blir dei rådspurde om saker som gjeld kultur og skule, men det kjem òg spørsmål som gjeld kommunepolitikk på andre område.

LNK er ein av fleire organisasjonar som har nynorsk som eit satsings- og interesseområde. Ei rundspørjing hjå organisasjonane viser at mange allereie har ein viss kontakt med politikarar på lokalt så vel som statleg nivå. Men her er stort rom for forbetringar.

### SPRÅK OG KULTUR

Nasjonalt Garborgsenter og Hugesenteret opplever ikkje noko stort press frå folkevalde som ønskjer råd og informasjon, men bår organisasjonane meiner at dei har kompetanse som kan kome politikarar til gode. Det kan dreie seg om å knyte den nynorske kulturen opp mot den yngre generasjonen eller noko så konkret som språkleg rettleiing.

Det Norske Samlaget har ein viss kontakt med sentrale politikarar. No er ikkje Samlaget først og fremst ein nynorsk interesseorganisasjon, men sjefsredaktør Tove Lie seier at dei blir rådspurde både om bokbransjen og om språkpolitikk. Ho meiner politikarane bør kjenne til nynorskkrøsla, men at organisasjonane sjølve også

## Tromsø best på nett

**Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har kåra dei beste offentlege nettstadane for 2009. Tromsø fekk prisen for beste kommunale nettstad.**

Kommunen har ei framside med god balanse mellom nyhende, tenestetilbod og aktuelle saker, som til dømes svineinfluensa. Gjennom tenester som GataMi, inviterar nettstaden til brukarinvolvering med innbyggjarane og gir innsyn i saker som blir innmelde. Juryen meiner at vinnaren har ein ryddig og svært tiltalende design som gjer at nettstaden framstår som attraktiv for brukarane, skriv juryen om nettsidene til Tromsø kommune.

Porsgrunn og Sørum kommune var også nominerte til prisen. Sørum nådde ikkje opp her, men fekk tilgjengelegheitsprisen for 2009. Her legg juryen vekt på at nettstaden er brukarvennleg, og at brukaren har høve til å tilpasse utforminga ved å endre farge, lenkemarkering og tekst. Regjeringa.no vann prisen for beste offentlege nettstad.



Mållagsleiar Håvard B. Øvregård er oppteken av at det finst kunnskap i nynorskkrøsla som dei folkevalde treng. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmealand)

### IKKJE PEIKEFINGER

Ho får langt på veg følgje av Håvard B. Øvregård, leiar i Noregs Mållag. Mållaget opplever at det hovudsakleg er politikarar på nasjonalt nivå som vender seg til dei. Som oftast handlar det om å få fakta om vilkåra for nynorsken i forvaltninga, i skuleverket og liknande. Øvregård er oppteken av at det finst kunnskap i nynorskkrøsla som dei folkevalde treng.

– Men det viktigaste er å kome med innspel til folkevalde som gjev dei løysinga på politiske utfordringar,

må synleggjere at dei er ein viktig ressurs.

i staden for å berre peike på kva som er gale, seier mållagsleiaren.

Direktør ved Ivar Aasen-tunet, Ottar Grepstad, viser til at det dagleg kjem inn spørsmål frå ulike aktørar, men aller minst frå lokalpolitikarar.

– Dei spør om alt frå kva som gjeld av reglar for bruk av nynorsk og kva rettar språkbrukarane har, til råd om planlegging av drift av nye kulturinstitusjonar som er under planlegging, seier han. Grepstad legg vekt på at fylkeskommunar og kommunar er viktige deltakarar i språksamfunnet Noreg.

– Språkpolitikk må difor bli ei sak for folkevalde i alle kommunestyre og fylkesting. Det nynorsk-kommunane ikkje gjer sjølve, kan dei ikkje vente at andre gjer i staden, slår han fast.

**Mot nye mål**

11.500\* unike brukarar  
169.000\* sidevisingar i veka  
Oppdatert kvar dag

24.000\*\* lesarar  
måndag tysdag onsdag  
torsdag fredag

= større dekning

**Sunnhordland**

\* Inntatt pr. veka \*\* Gallup 1/2007

Frå Jæren, gjennom Ryfylke, Hardanger og Voss, til Sogn og Sunnfjord

**DIKTARVEGEN – FJORDVEGEN**

diktarvegen.no fjordvegen.no

**KORLEIS STYRKJER ME SAMHANDLINGA MELLOM REGIONANE?**

KONFERANSE I BALESTRAND  
8. og 9. april 2010  
Informasjon/Påmelding: seminar@diktarvegen.no

**KVIKNES HOTEL**



## SITATET:

– Journalistene er blitt mer positive til å bruke nynorsk, og vi hører språket flere steder enn før. Jeg har gode erfaringer fra samarbeidet med kolleger i Dagsnytt. Jeg føler også at publikum er blitt mer tolerant og åpen for nynorsk

Faglærer i NRK Nynorsk Mediesenter, Tone Lin Støfring, til fagbladet Journalisten.

# – Vis fram jobbane

**KS startar no opp eit omdøme prosjekt for å vise fram kommunen som ein god arbeidsgivar. Ein av kommunane som deltek, er Lom.**

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Målet med prosjektet er å få vist fram kommunane som attraktive arbeidsgivarar. 40 kommunar og fylkeskommunar søkte om å delta i omdøme prosjektet. – Det viser at det er ei stor interesse for dette blant medlemmane våre. Mange av dei har også allerede omdømebygging på dagsordenen, seier prosjektleiaren i KS, Åsbjørn Vetti, og legg vekt på at det no blir viktig å hauste erfaringar som også kan overførast til andre kommunar.

Prosjektet skal fylgje dei åtte prosjektkommunane gjennom eit år. Blant anna skal det arrangerast ulike fagseminar for dei utvalde kommunane, samstundes som det skal etablerast ein ressursbase på nett.

## MÅ RETTE RYGGEN

– Kva trur du er noko av det viktigaste kommunane tek tak i?

– Eg trur mange har eit påtrengende behov for å jobbe med korleis dei framstiller eigen kommune på egne nettsider. Mange av kommunane er flinke til å skrive om den flotte naturen dei har, eller fordelane med å bu i kommunen. Færre er flinke til å skrive om dei ledige jobbane og om kommunen som arbeidsplass. Vis fram jobbane, slår Vetti fast.

Han legg også vekt på at det er viktig med organisasjonsidentitet når ein skal bygge omdømme.

– Kommunen må spørje seg om kva oppgåver dei har, og kva resultat dei får av arbeidet. Det handlar om å rette ryggen og vere bevisst på kven ein er. Dei fleste av dei som arbeidar i kommunane, meiner jo at kommunen er ein god arbeidsplass. Ute blant publikum er det diverre eit inntrykk av at kommunen er tungrodd og byråkratisk mange stadar.

## GOD MERKEVAREKLANG

Prosjektleiaren viser til at mange kommunar har ei brei interesse for å arbeide systematisk med omdømme.



**Gode verktøy:** Ordførar i Lom, Simen Bjørgen (Sp) håpar omdøme prosjekt skal gi vekst i kommunen. (Foto: Lom kommune)

Når året er omme, håpar han prosjektet har klart å få fram gode verktøy kommunane kan bruke, og at arbeidet har fått gode ringverknadar, også for andre enn dei åtte prosjektkommunane.

– Målet er at kommunane blir flinke til å vise fram kvalitetar som arbeidsgivar, seier han og trekker fram Lom kommune som ein av dei som alt har satsa mykje på omdømebygging.

– Lom var tidleg ute med å definere omdømmearbeid som eit satsingsområde. Kommunen har ein god merkevareklang som kjem til uttrykk på mange måtar. Og eit fokus frå ulike media på både folk, hendingar og miljø har bevisstgjort kommunen slik at vi har starta omdømmearbeid, seier ordførar i Lom, Simen Bjørgen (Sp).

Han legg vekt på at eit positivt omdømme er viktig for å bli attraktivt som arbeidsstad og arbeidsgivar.

– Me er ei reiselivsbygd og veit at positivt omdømme skapt av gjester som har vore på vitjing hjå oss, og som talar positivt om oss, er trafikkskapande i neste omgang. Det er eigentleg heilt elementært. Utfordringa blir då å setje dette i system og arbeide bevisst med dette over tid.

Omdømebygging er eit av tre hovudsatsingsområde i kommuneplanen til Lom, og dei fekk i 2008 Fylkesmannen i Oppland sin fornyingspris.

# TeknoLab berre på bokmål

**Berre éin skule har etterlyst undervisningsmateriellet TeknoLab på nynorsk.**

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Gevinsten ved å ha det er større enn ulempene ved at det er på bokmål, seier assisterande rektor ved Horpestad skule, Stig Morten Breiland. Det var foreldre ved Madlavoll skole i Stavanger som starta opp stiftinga TeknoLab. Dei hadde eit ynskje om å styrkje realfagundervisninga til elevane og fekk dermed støtte frå næringslivet til å kjøpe inn og etablere ein TeknoLab på skulen. Etter kvart spreidde dette seg til andre skular i regionen, og 31 skular i Rogaland har no TeknoLab. TeknoLab er eit foreldrestyrt prosjekt, men det er skulen som styrer bruken av utstyret.

Ein stor del av materiellet er legoklossar. Det er Mikroverkstedet AS som forhandlar legomateriellet frå Lego Danmark til skular i Noreg, deriblant TeknoLab i Rogaland. Materiellet inneheld utstyr som elevane kan bruke til forskning og løysing av tekniske problem innan fagområde som blant anna teknologi, matematikk, design og data. Mottoet for opplegget er å gi elevane ei oppgåve å løyse, meir enn eit svar å hugse.

## YNSKJER NYNORSK


– Så klart hadde det vore kjekt å ha dette opplegget på nynorsk, men me brukar ikkje teknolaben for å lære nynorsk, men derimot til å lære teknologi og design via praktisk undervisning. Det er viktig at elevar får meistring på andre område enn berre den vanlege undervisninga. Me har òg opplevd at det er fleire elevar som er betre på praktiske ting enn teoretiske ting, og desse får ofte ei god meistringskjensle av arbeid i teknolaben, seier Breiland ved Horpestad skule og legg til at han heller vil bruke kreftene på å få meir nynorsk litteratur i undervisninga.

# Ein ekte skatt

**Boka *Den nynorske songskatten* er blitt ei imponerende samling av nynorsk kultur- og musikkhistorie.**

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Terje Aarset er førsteamanuensis i norsk språk ved Høgskulen i Volda, samstundes som han er aktiv musikar. No har Aarset gitt ut ei samling der han presenterer historia til 15 kjende nynorske songar. Her kan me blant anna lese om *Blåmann*, *Mellom bakkar og berg* og *Den fyrste song*. Og her er ikkje berre historier. Her er sjølv sagt også både tekst og melodi til songane, slik at boka i tillegg kan fungere som eit læreverk for den som er nyfiken på nynorsk musikkhistorie. I forordet



– Og sjølv om oppgåveark og data-program i TeknoLab er på bokmål, så skriv elevane på nynorsk når dei svarar på spørsmåla, seier han og får støtte frå rektor ved Imsland skule, Marita Lindal Haug. Ho er også styremedlem i TeknoLab i Nord-Rogaland.

– Me ynskjer jo sjølv sagt at alt materialet skal vere på nynorsk. Men her er det dei lærer, viktigare enn språket, meiner ho.

Lindal Haug fortel også at spørsmålet om å få på plass ein nynorsk versjon er blitt diskutert i styret i TeknoLab i Nord-Rogaland, men at

**Løyer oppgaver:** Elevane ved Horpestad skule har TeknoLab i undervisninga. Opplegget er framleis berre på bokmål. (Foto: Horpestad skule)

styret kom fram til at dette ikkje var ei av deira oppgåver.

## BRYT OPPLÆRINGSLOVA

Dagleg leiaren i Mikroverkstedet AS, Per Jørgen Ødegaard, viser også til at det har vore liten etterspurnad etter ein nynorsk versjon av TeknoLab.

– Så langt eg veit, har me berre fått ein telefon med ynskje om å få dette på nynorsk. Eg har sjølv sagt ikkje noko i mot at dette kan bli omsett; me lagar sjølve programvare på begge målformer, og eg trur nok det er interesse for det, seier han.

Likevel legg han vekt på at skulane må på banen og ynskje dette skal ein få gjennomført. Til no har etterspurnaden vore for liten.

– Og dette er jo i grunnen eit spørsmål ein må ta opp med Lego i Danmark, det er jo dei som produserer materiellet, meiner han.

– *Bryt de opplæringslova ved at de berre leverer dette på bokmål?*

– Nei, det gjer me ikkje. Det er ikkje krav i opplæringslova om at me skal produsere dette på nynorsk. I følgje Utdanningsdirektoratet har kommunane eit ansvar for å sikre eleven sin rett til læremiddel på eiga

målform, det vil seie anten bokmål eller nynorsk.

– *Bryt dermed kommunane opplæringslova?*

– Det vil eg ikkje slå fast her og no i og med at eg ikkje kjenner saka. Men det er heilt klart at læremidla som kommunane skal bruke, som hovudregel skal liggje føre både på nynorsk og bokmål, slår Cathrine Børnes i Utdanningsdirektoratet fast. Kravet om språklege parallell-utgåver gjeld alle læremiddel som elevane skal bruke regelmessig i opplæringa, så fram læremidla dekkjer vesentlege delar av kompetansemåla eller hovudområda i eit fag etter læreplanen.

## TeknoLab

LNK-avisa set fokus på læremiddel som letlestbøker, nettsider og andre ressursar som ikkje er tilgjengelege på både nynorsk og bokmål. I denne utgåva ser me på legomateriell som mange skular bruker aktivt i undervisninga. I Rogaland har fleire skular sin eigen TeknoLab, med utstyr som blant anna er levert av Mikroverkstedet AS. Det skriftlege materiellet som fylgjer med legomateriellet, er berre tilgjengeleg på bokmål.



Jan Olav Fretland

– førsteamanuensis i norsk, medlem av Språkrådet

## Språkråd

**Juleorda er kjære** og viktige for oss. Lurer du på om det er jul eller jol, kan eg trøysta deg med at begge går, men det er jul som er hovudform i våre dagar. Så er det visse atterhald, sjølv sagt. Eg slit med Eg synger julekvad, der skal det liksom vera o. Det er nett som når koret vårt skal syngja. Det hev ei rosa sprunge. Når me framfører eit så høgtidsamt bilete som at ei rose har sprunge, må det vera både hev og ei rosa.

**Me kan elles spora** mange av orda frå denne høgtida heilt attende til norrøn tid. Og sjølve ordet jul er opphavleg eit heidensk midtvintersblot. Julafant heitte i si tid jolapattann. I norrønt finn me og jolalhelgr, jolamorginn og jolanott. Du kunne alt då drikkja jolalol, men du måtte laga det sjølv, det fanst ikkje på flaske eller boks, rimelegvis. Og romjula høyrer til i denne lange tradisjonen. Ein rúmheilagr dagr var ein dag som ikkje var heilag etter lova, er det sagt. Så derfor vart romjula yrkedagane mellom juledagane og trettdagane. På mine trakter heiter det forresten klavadagane. Somme hevdar det kjem av at ein sleppte ut kyrne ein yrkedag i romjula, då slapp dei ut av klaven. Eg veit ikkje om det er rett, men usannsynleg er det vel ikkje.

## Julehefta, eller juleblådn.

som eg seier, er av nyare dato. Men Smørbygg feira faktisk syttiårsjubileum i fjor, og Vangsgutane kjem etter neste år, så dei dreg på åra, bygdemeneska der òg. Knoll og Tott, den eldste teikneserien i verda, har feira hundre for lenge sidan. Men juleblada er truga av dvd-ar og fjernsyn og dataspel og av dei moderne blada, som er meir "up to date". Visste de forresten at julebukkane først på var utkledd med bukkehovud? Fyrste seinare har me kunna variere kostyma meir.

**Hugs for all del** å setja opp julebandet til jul. Julenek er noko moderne som eg ikkje kjennest heilt ved. Og så må du ikkje bera ut att jula: Det gjer du viss du seier nei takk til traktering, veit du! Då vort det ikkje skikkeleg jolagæfa, som dei gamle sa, eller julelukke, som me ville seia. Julelukka, den frededelege og sæle, som ikkje er avhengig av julepakker og julebord, den må me ta vare på.

KULTURHUSET I SULDAL, 9. FEBRUAR 2010

# STYRK NYNORSKEN I BARNEHAGEN

KVIFOR BØR BARNNA HØYRE NYNORSK LITTERATUR I BARNEHAGEN?  
KVIFOR BØR EIN FORMIDLE DEN LOKALE DIALEKTEN OG DEN NYNORSKE SONGSKATTEN TIL BARNNA?  
KORLEIS KAN NYNORSKEN STÅ STERKARE I BARNEHAGEN?

I panelet sit mellom andre Ingar Arnøy frå Noregs Mållag, Sylfest Lomheim frå Språkrådet, Ingeborg Mjør frå Universitetet i Stavanger og Janne Karin Støylen frå Nynorsksenteret

Meir informasjon på [NASHORNET.NO](http://NASHORNET.NO)



Konferansen er gratis og open for alle

Påmelding seinast 18. januar 2010 til

[post@nashornet.no](mailto:post@nashornet.no)

eller til

Stiftinga Rasmus Løland markeringa

Sandsvegen 134, 4230 Sand



# Veks på fisk og olje

**Truleg kan han feire innbyggjar nummer 7000 før årsskiftet, Giske-ordførar Knut Støbbakk. Det veks godt i øykommunen vest for Ålesund.**

KÅRE SÆTER  
bladstova@lnk.no

Giske kommune ligg rett vest i havet frå Ålesund. Øyane Valderøy, Vigra, Giske og Godøy var fram til 1987 øyarsom ein måtte i båt for å nå. Så kom samferdselsrevolusjonen. Øyane vart knytte til fastlandet og Ålesund gjennom bruer og undersjøiske tunnelar. Og i haust fekk øyfolket nok ei glede. 22 år med bompengar var over.

– For Giske kommune har tunnelsambandet vore svært viktig. Vi har betalt dyrt for det, men det har vore verdt kvar ei krone, seier ordførar Knut Støbbakk (Krf). Støbbakk er inne i si andre periode som ordførar i Giske.

Og at øyfolket har betalt, fortel sluttrekneskaper alt om. I løpet av 22 år har det blitt betalt inn rundt 1,4 milliardar kroner i bompengar.

– Siste året vart det betalt inn 100 millionar kroner. Dette er pengar som no vert frigjort til andre føremål. Klart slikt merkast. Vår utfordring er å skape eit så godt næringsliv lokalt at desse pengane vert igjen på øyane og ikkje tek vegen til Ålesund, seier Støbbakk.

Men med bortfallet av bompengar kom òg Ålesund sentrum svært nær øyane i Giske. Dei fleste av dei 7000 øybuane kan no køyre til bysentrum på rundt kvarteret.

## KOMMUNE I VEKST

Giske kommune er ein av landkommunane som har sterkest vekst i folketallet. 2009 vil truleg gje ein tilvekst på rundt 130.

– Dette gjev oss store utfordringar både når det gjeld skular og eldreomsorg. Kommunestyret har alt vedteke å byggje ny sjukeheim og ny skule på Valderøy. Dette er heilt nødvendige satsingar, men det er òg dyrt. Vi veit at den auka gjelda vil gje oss utfordringar i åra som kjem, seier Giske-ordføraren.

Sjølv om Giske er ein øykomune, har ein heilt sidan 1958 vore eit kommunikasjonscenter i Møre og Romsdal. Vigra flyplass er i dag den største mellom Bergen og Trondheim. Det er i dag ni daglege turar mellom Vigra og Oslo. I tillegg er det samband langs kysten både sørover til Bergen og Stavanger og nordover til Trondheim.

Siste åra har Vigra flyplass òg blitt ein internasjonal flyplass, med to daglege ruter til København og rute til Riga. I tillegg kjem den store chartertrafikken, med ni turar kvar veke, som sender sunnmøringane til sol og sommar.



**Nøkkelbedrift:** Optimar er ei nøkkelbedrift i Giske som satsar på å rekruttere lokal ungdom. Her er det Eskill Nordstrand som tek ein flokk ungdomsskuleelevar med inn i arbeidslivets gleder og problem. (Foto: Kåre Sæter)



**Brakval:** Ordførar Knut Støbbakk gjorde eit brakval då han vart attvald som ordførar. Med han som listetopp tok Krf 11 av dei 23 plassane i kommunestyret. Det fortel mykje om kva posisjon han har i lokalsamfunnet. (Foto: Kåre Sæter)

Vi har store ambisjonar for flyplassen på Vigra, seier lufthamnsjef Tor Hånde i Avinor.

Det siste året har vi bygd ut terminalen for rundt 50 millionar kroner. Vi satsar på at Vigra skal vere det naturlege valet for alle i Møre og Romsdal og Nordfjord når det gjeld utanlandstrafikk. Dette gjeld både charter- og rutefly. Denne sommaren har vi tre avgangar kvar veke til Tyrkia, to til Kreta og ein til Kroatia, Mallorca, Bulgaria og Tunisia. I tillegg kjem daglege rutefly til København og tre turar kvar veke til Riga.

For Giske som vertskommune til flyplassen betyr denne aktiviteten

sjølvsgatt arbeidsplassar. I dag er det rundt 200 som har sitt daglege arbeid her, seier Hånde.

## FISK VIKTIG

Men som for dei fleste andre øysamfunn, er det i Giske havet, fisken og no olja som er viktigast.

Vi har ein unik flåte av banklinefartøy. Godøya har i dag landets sterkaste miljø for denne fartøygruppa, seier ordføraren, som sjølv har si fortid nettopp som fiskeskipper.

I tillegg har fleire rederi dei siste åra bygd opp ein stor flåte med havgående trålarar.

Og langs strendene er framleis fiskeforedling ein viktig næringsveg. Dette gjeld både tradisjonell produksjon av saltfisk og klippfisk, men òg spesialprodukt som lutefisk. I tillegg er sjølvsgatt produksjon av ulike lakseprodukt ein viktig del av kvardagen i øysamfunnet.

Giske har òg sin del av oljeindustrien. Subsea 7 har etablert ein spolebase for røyr. Dette gigantprosjektet og alle ringverknadane det har skapt, betyr mykje for det lokale næringslivet. Dei siste par åra har kommunen saman med Subsea 7 fylt ut eit industriområde i sjøen på storleik med eit vestlands gardsbruk. Dette ligg heilt inn til skipsleia langs kysten og har fleire djupvasskaier. Frå dette området går det ei tre kilometer lang røyrgate opp til eit produksjonsanlegg for gass- og oljerøyr.

Giske kommune satsar mykje på å verte ein sentral plass i oljeverksemda på Mørkekysten.

Utanom Subsea 7 er Optimar ei svært viktig bedrift i Giske. Dei produserer høgteknologisk utstyr for næringsmiddelindustrien, spesielt for handtering av fersk fisk. Marknaden er heile verda. Optimar har saman med ungdomsskulen på Valderøy laga fleire prosjekt der dei forsøker å vise ungdommen korleis den nye kvardagen i den moderne industrien er.

# Ung og historisk

**Kultur og historie har gode vekstvilkår i Giske.**

KÅRE SÆTER  
bladstova@lnk.no

Giske kyrkje, eit marmorbygg frå 1100-talet, vart i si tid ført opp av Arneungane og er i dag sjølv perla i det historiske Giske. I år kom òg ei praktbok ført i pennen av tidlegare ordførar Elias Giske, om denne spesielle kyrkja.

Rett ved kyrkja vert det annakvart år sett opp eit historisk spel, Giskespelet. Her er Arneunge-ætta og deira tilhøve til Heilag-Olav tema. Og berre så det er sagt: Det var ein av Arneungane, Kalv Arneson, som har fått ord på seg for å vere den som tok livet av Heilag-Olav på Stiklestad. I dette spelet og aktivitetane rundt er heile øya med. Skulen er sentral i førebuinga til spelet, og dei fleste av borna har roller.

## STERKE KVINNER

Giskespelet er langt frå noko amatørteater. I år hadde Nicolai Cleve Broch rolla som kongen, Olav Haraldsson. Giskespelet fortel saga om Arnesønene, som var kongen sine trufaste menn på reiser i inn- og utland. Men det er òg ei forteljning om sterke kvinner, først og fremst Ragnhild, dotter av Erling Skjalgsson. Og sjølvsgatt dukkar det òg opp ein islandsk rival, Stein Skaftesson. Som ved så mange av dei historiske spela er det Johannes Heggland som har stått for manus.

Men øya Giske med sine rundt 700 fastbuande er eit kultursenter, òg på andre felt. Dei siste åra har musikklivet, særleg populærmusikken, sett sitt preg på livet der. Sist sommar var meir enn 10 000 unge samla til Sommarfest på Giske. Dette er ein heilt spesiell musikkfestival. Alle band stiller opp gratis, og det er gratis å kome inn.

Kva så med kvaliteten? I år var høgdepunkta Alexander Rybakk, Marit Larsen, Maria Mena og sjølvsgatt øya sine egne superstjerner, The Margarets. Det er ungdommane i denne popgruppa som står bak heile



**Kultursatsing:** Giskespelet er ei av dei største kultursatsingane i Giske kommune (Foto: Kåre Sæter).



**Ny kvardag:** Idrettsanlegga på Valderøvoll på Valderøy er heilt nye og gjev idrettslivet i kommunen ein heilt ny kvardag (Foto: Kåre Sæter).

festivalen. Seint denne hausten kunne dei opne eige musikkstudio i fjøra på Giske. Over 5 millionar kroner har dei satsa, og resultatet er eit av dei beste studioa i landet.

## IDRETEN STÅR STERKT

Ungt og gammalt side om side møter ein òg på Valderøy. Skjonghellaren, med ei historie 30 000 år tilbake i tida, ligg side om side med det nye idrettsanlegget på øya. Her har IL Valder grasbane, 12 000 kvm med kunstgrasbane og eit heilt nytt friidrettsanlegg. I tillegg til dette er det idrettshallar på Godøy og Valderøy. Grasbaner for fotball finn ein to av på Vigra og ei på Giske og Godøy.

– For idrettslivet i Giske har den satsinga som IL Valder har stått for, gitt eit kjempeløft. Med eit idrettsanlegg som dette heilt inntil eit unikt område for tur- og friluftsliv har vi no sjansen til å gje eit aktivitetstilbod til folk i alle aldersgrupper, seier leiar i IL Valder, Anton Flåen.

Idretten står sterkt på alle øyane i Giske. Sjølv om fotball er den dominerande aktiviteten, er sjø- og båtliv ein sjølvsgatt del av kvardagen til dei 7000 øybuane. Medan byfolk snakkar om parkeringsplassar, er det hamneplass som er tema når folk i Giske møtes. Sjølv om det stadig veks på med småbåthamner, er behovet enormt. Og det er vel heller ikkje til å kome forbi at talet på småbåtar og har vaks med åra.

Og med sin plass vest i havet er sjølvsgatt seglsport med og utan båt ein stor aktivitet. For brettsegling og ikkje minst kiting, som treng meir vind, er områda rundt øyane i Giske mykje brukt både som rekreasjon og til konkurransar.

## Giske kommune



Giske er ein øykomune i Møre og Romsdal. Dei fire øyane er knytte saman av undersjøisk tunnel og bruer. 1. september 2009 hadde Giske 6974 innbyggjarar. Rundt halvparten av folkesetnaden bur på Valderøy. Heile kommunen er på 39,5 km<sup>2</sup>.

Frå Giske kommune går det undersjøisk tunnel til Ålesund. Køyreturen dit tek omlag 15 minutt. Kommunen har òg flyplass; Ålesund lufthamn, Vigra. Her reiser årleg nesten ein million flypassasjerar til inn- og utland.

Valderøy er kommunesenteret med rådhus, hotell, helsetenester og NAV-kontor. Alle øyane har eigen barneskule, medan ungdomskuleundervisninga er samla til skulane på Godøy og Valderøy.

Giske kommune har store område som er verna. Særleg gjeld dette strandsoner. Grunnen er at områda har stor internasjonal verdi som hekkeområde for fugl.

Lokalavisa i Giske er Øyeblikk.

Kommunestyret er sett saman slik:

Ordførar: Knut Støbbakk, Krf

Ap..... 2

Sp..... 1

V..... 3

Krf..... 11

H..... 3

Frp ..... 3

Giske



## SITATET:

– Det er jo smalt da. Veldig smalt. En ukjent mann, svartvitbilder og nynorsk tekst. Sånt noe blir ikke folkeei over natta.

Tekstforfatter Sigmund Falch til Dagbladet om sin serie med gamle bilete og nynorske tekstar. Serien er blitt bok og blir presentert i Dagbladet FREDAG kvar veke.

# Julefisk til Italia

**Fisk er sjøve livsgrunnlaget i Giske kommune. Før jul går tonn på tonn med saltfisk til Italia.**

KÅRE SÆTER  
bladstova@lnk.no

Fiskeforedlingsbedrifta Johan Giskeødegård har i 71 år vore ein stabil og aktiv aktør på Valderøy i Giske kommune. Produkta har endra seg, men gjennom alle desse åra har dei halde seg til kvitfisk.

Vi er avgjort det ein må kalle ei tradisjonell fiskeribedrift, og med produkt som har lange tradisjonar på Sunnmøre, fortel dagleg leiar Johan Giskeødegård jr. Han er tredje generasjon i leiinga.

Tidlegare hadde bedrifta òg mottak av ferskfisk. Dette er no slutt. Fisken som vert produsert i bedrifta, kjem frosen. Produksjonen skjer i moderne lokale i hamneområdet Gjosundet på Valderøy. Her ligg Johan Giskeødegård side om side med fleire andre fisketilverkarar.



**Eksporterer:** Saltfisk til Italia og Spania. Johan Giskeødegård er stolt over produktet han kan sende frå seg før jul. 18 tonn saltfisk vert lasta ombord i denne traileren. Her er julemat til italienarane. (Foto: Kåre Sæter)

– Siste året har vi gått heilt tilbake til saltfisk. Vi har tidlegare drive med mellom anna klippfisk, men her er

det ein vanskeleg marknad, seier Giskeødegård.

Marknadene Johan Giskeødegård no satsar på, er Italia og Hellas.

– Det er små marknader, men når det gjeld saltfisk, er vi godt inne der og leverer alt vi klarer å produsere. Vi satsar på å vere flinke til det vi gjer, og heller la andre ta seg av dei meir sjansprega produkta.

Då vi besøkte bedrifta, var pakkinga i full sving. Senior og styreformann Svein Giskeødegård var i gang med lasting av 18 tonn som skal strake vegen til Italia.

– Før jul er det intenst. Vi skal sende alt vi har klart, før jul. Så får vi håpe på at alt kjem fram for italienarane skal ut og handle julefisk sin, seier han.

Johan Giskeødegård AS er ei bedrift som har bygd seg opp gjennom generasjonar. I dag har dei ei omsetning opp mot 100 millionar kroner. Arbeidskrafta er i all hovudsak lokal.

# Viktig festival

– Det er ekstremt viktig for barnelitteraturen med ein eigen barnelitteraturfestival, seier Ragnfrid Trohaug.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND  
astrid@norsk-plan.no

Forlagsredaktøren for barne- og ungdomslitteratur i Samlaget, Ragnfrid Trohaug, meiner at festivalen er med på å syna at barnelitteraturen lever sitt eige liv.

Falturiltu vart i år skipa for tredje året på rad den fyrste veka i november. Det var kulturkontoret i Stord kommune som tok initiativ til festivalen etter klagar frå foreldre og lærarar over at det var vanskeleg å finna nynorsk litteratur for barn og vaksne i nynorskbyen Stord, fortel komitéleiar Hege Myklebust. Målet med festivalen er å gjera den gode nynorske litteraturen kjend for både lærarar, foreldre, bibliotekarar og ikkje minst ungane sjølv.

– Me vil visa at det finst svært mykje god litteratur for barn og unge på nynorsk, seier Myklebust. Me vil løfta fram og visa denne.

## KOMMUNAL STØTTE

Stord kommune, som tidlegare i år vart kåra til årets nynorsk-kommune, vil bruka delar av prisen på 100 000 kroner til å utvikla Falturiltu-festivalen vidare.

– Eg tykkjer det er veldig bra at kommunen vil stø nynorsktiltak vidare. Stord kommune er allereie ein viktig økonomisk støttespelar, og dette er eit viktig signal, meiner ho. Det er ei stor utfordring å finansiera festivalen vidare av di festivalen til neste år mister den treårige økonomiske støtta frå Kulturrådet.

– Falturiltu har merka ein auke både i merksemd og i talet på publikum, fortel Myklebust. Me merkar at det kjem meir publikum til festivalen år for år, og fleire grupper tek kontakt med eit ønske om å delta i festivalen på ulike måtar. Det er kjekt.

## INVOLVERER DEI UNGE

Falturiltu varer ei heil veke, og skulane og biblioteka i kommunen er involverte i forkant og under sjøve festivalen.

– Det at ungar og ungdomar er med og arbeider med litteraturen lang tid i førevegen, er kjempeflott, seier



**Barnelitteraturformidlarar:** Falturiltu barnelitteraturfestival hadde i år Erna Osland (midten) som festivaldiktar. Her er ho saman med tidlegare forlagsredaktør i Samlaget, Guri Vesaas (l.v) og forlagsredaktør i Mangschou Anne Stefi Teigland (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)



Forlagsredaktøren for barne- og ungdomslitteratur i Samlaget, Ragnfrid Trohaug, meiner Falturiltu-festivalen er med på å syna at barnelitteraturen lever sitt eige liv. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

festivalleiar. Dette syner kor mange måtar ein kan nytta litteraturen på.

Forlagsredaktør Trohaug ser heilt klart at det er ein viktig jobb som her blir gjort for å fremja kunnskapen om nynorsk barnelitteratur, også i det nynorske kjerneområdet.

– Det at Falturiltu har arrangement i skulen i samarbeid med kulturskulen, der ein komponerer musikk til nynorske dikt og held konsert, er med på å gjera festivalen betre kjend for både born og vaksne, understrekar Trohaug. Falturiltu-seminaret, som i år hadde "Når bøkene når borna" som tema, er obligatorisk for lærarstudentane på Stord. Det er viktig at seminaret er obligatorisk for lærarstudentane, seier

Trohaug. Dersom ikkje elevar med nynorsk som hovudmål møter nynorsk i litteraturen utanom skulebøkene, tek ein i frå dei retten til å bli gode i sitt eige språk.

## Falturiltu

- Skipa av Stord kommune i 2007 for å få formidla nynorsk barnelitteratur.
- Festivalen er eigd av Stord kommune og har til no fått støtte av Norsk Kulturråd, Sparebanken Vest, Sunnhordland Kraftlag og Det Norske Samlaget.
- Festivalen samarbeider med Sunnhordland museum, Stord folkebibliotek, Høgskulen Stord Haugesund og Stord Mållag.
- Erna Osland var festivaldiktar i 2009, Rune Belsvik i 2008 og Oskar Stein Bjørlykke i 2007.
- I det kunstnarlege rådet sit representantar frå Samlaget, Nynorsk kultursenter, HSH, Stord folkebibliotek og Sunnhordland museum. Erna Osland var festivaldiktar i 2009, Rune Belsvik i 2008 og Oskar Stein Bjørlykke i 2007.

Kjelde: falturiltu.no



"Dette er din veg.  
Berre du skal gå han"

Sitat frå diktet Din veg av Olav H. Hauge

Kommunalbanken - ein fulltreffar for kommunen din  
-me finansierer lokale løysingar

**KBN** Kommunalbanken  
Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefaks 21 50 20 01 www.kommunalbanken.no

I meir enn 80 år har me hjelpt kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering som kan realisera kommunen sine mål.

## Unge TV - stemmer

NorDubb Studios AS har etablert eige dubbingkontor i Volda, blant anna for å møte ein aukande etterspurnad etter barne- tv på nynorsk.

– Det har kome klare signal frå NRK om at nynorske stemmer er noko dei treng meir av. Volda og omland er interessant sidan det i tilknytning til høgskulen og medieutdanninga er mange som jobbar med TV og radio her. I tillegg er nynorsk det naturlege førstespråket for storparten av innbyggjarane. Det har difor vore forholdsvis enkelt å skaffe gode nynorskstemmer til arbeidet vårt, seier Morten Lange i NorDubb til Nynorskopplæring, bladet frå Nynorsk-senteret.

I sommar har blant anna to unge jenter hatt hovudrollene i omsetjinga av den

engelske barneserien Milly og Molly, skriv Nynorskopplæring.

– Det vanskelegaste er når det dukkar opp veldig nynorske ord i manuset. Men ofte kan me sjølv påverke korleis ting skal seiest, og då blir det fort veldig nær voldadialekten, seier Ragnhild som gir stemma til Milly i serien.

# – Barn krev gode bøker

**Barnebokforfattar Maria Parr er heidra med både Ole Vig-prisen og Brageprisen for bøkene *Vaffelhjarte* og *Tonje Glimmerdal*. Sjølv meiner ho barn både krev og treng gode bøker.**

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no



**Kritikarrost:** Maria Parr haustar gode kritikkar og fleire prisar for sine barnebøker. No slår ho eit slag for barnelitteraturen. (Foto: Solvi Brudvoll Samlaget)

– Det er veldig kjekt, og litt overveldande. Det gjer meg både audmjuk og tryggare på same tid. Og så er det kjekt fordi eg kjenner eg kan dele dette med så mange – ei bok vert ikkje til ved hjelp av ein forfattar aleine. Det er mange som jobbar og står på, i forlag og elles rundt meg, så det er liksom ein heider til dei også, synest eg, seier Maria Parr om prisdrisset.

Ikkje nok med at Maria Parr tidlegare i haust vart heidra med Ole Vig-prisen, nyleg fekk ho også Brageprisen for boka *Tonje Glimmerdal*.

– I tillegg til den store påskjøninga det er for ei barnebok å få Brageprisen og bli nominert til Bokhandlarprisen, gjer boka det veldig bra også internasjonalt. Det er sjeldan at ein så fersk barnebokforfattar får slikt internasjonalt gjennomslag som Maria Parr har fått med den nye

boka *Tonje Glimmerdal* og debutboka *Vaffelhjarte*.

– Dette er det stort å få vere med på, seier Ragnfrid Trohaug, redaktør for barne- og ungdomsbøker i Samlaget til nm.no.

Bøkene til Maria Parr er ført i ein varm og levande penn. I *Tonje Glimmerdal* møter me Tonje, som er einaste ungen i Glimmerdalen og den tøffaste jentungen dalen har sett sidan

dei vaksne tantene hennar herja på ski mellom fjella. Tonje sin bestevenn er gamle Gunnvald, ein bisk felespelar på over sytti år. I *Vaffelhjarte* møter me to niåringer som me får fylgje gjennom eit vennskap med mykje vaffelrøre. Også dette er ei varm historie om menneske som møter kvarandre.

– Eg har nok lyst å seie noko om det gode som finst mellom menneska – trass alt, seier Maria Parr om sin eigen litteratur.

## INTERNASJONAL SUKSESS

Maria Parr debuterte i 2005 med *Vaffelhjarte*, medan *Tonje Glimmerdal* kom i år. Begge bøkene har hatt internasjonal suksess. Parr er av mange samanlikna med Astrid Lindgren, og bøkene hennar er selde til forlag i Sverige, Frankrike, Belgia, Russland, Polen og Tyskland.

– *Korleis er det å bli lest i så mange land?*

– Det er i grunnen ikkje noko eg tenkjer så mykje på til dagleg, for det der går sin gang litt på sida av det eg driv med. Men det er veldig triveleg å treffe barn i andre land og å sjå at barn er barn – same kvar dei er, meiner den unge forfattaren.

Maria Parr har alltid skrive og meiner litteraturen er noko som botnar i noko inne i henne, meir enn noko utanfor. Og ho må skrive på nynorsk, det er det som er språket hennar.

– Eg kunne ikkje ha skrive på ein annan måte, slår ho fast.

– Eg har alltid skrive, og eg kosar meg med å gjere det. Naturlegvis er det ikkje så kjekt alltid, og denne siste boka måtte eg verkeleg jobbe med for å greie å få ho slik eg ville. Det var mange gonger eg trudde det ikkje gjekk. Men dette med å skrive er altså noko eg alltid har gjort, og som eg trur eg alltid vil gjere. Det er liksom min måte å uttrykke meg på.

## MINST LIKE VIKTIG

Ho vil også gjerne slå eit slag for barnelitteraturen. Den må ikkje kome i andre rekkje i forhold til vaksenlitteraturen, meiner ho bestemt.

– Ein spor aldri vaksenbokforfattarar om kvifor han skriv vaksenlitteratur. Eg meiner barnelitteraturen er minst like viktig. Barn både krev og treng gode bøker, og det er ei krevjande og motiverande gruppe å skrive for. Og så er det utruleg kjekt.

# Debutanten

**For barnebokdebutant Eivor Vindenes er det heilt naturleg å skrive nynorsk – trass i at ho pratar ein klingande austlandsdialekt.**

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– *Kva forhold har du til nynorsk?*

– Begge foreldra mine skriv nynorsk, så då eg vaks opp, var bøker, aviser og blad på nynorsk noko heilt sjølvstakt i heimen. For meg var det heilt naturleg å velje nynorsk som skriftspråk sjølv om eg har ein typisk austlandsk dialekt.

– *Korleis ser du på framtida til nynorsk litteratur?*

– Tove Bakke har med omsetjingane av bøkene til Anna Gavalda synt at nynorsk fint kan nå ut til store lesegrupper. Kanskje blir det slik med Maria Parr si *Tonje Glimmerdal* òg? Det er ikkje den gode litteraturen det skal stå på, tenkjer no eg, men heile kjeda av formidlarar, frå foreldre til barnehage og skule, media og bokhandlarar; dei må heile tida vere medvitne om kva val dei tek.

– *Kva kan ein gjere for å få barn og unge til å lese meir?*

– Det kjem alltid kulturfenomen som Harry Potter og Twilight, som treff så mange lesarar at det berre blafir i boksiden. Når denne leseysta blir vekt, er det berre å fylle på. Barn og unge har rett på litteratur som er like relevant for liva deira som den litteraturen vi vaksne ønskjer oss. Det finst jo verkeleg mykje bra litteratur, men barn må gjennom ein skog av formidlarar for å få tak i bøkene. Dei er avhengige av formidlarar som ikkje er trongsynte, men som kjenner feltet, og som let lesarane møte den nye litteraturen ut frå si eiga erfaringsverd. Eg gremde meg over mottakinga av *Tjuven* av Rune Belsvik, då tabloidane skreiv porno med store bokstavar om boka til ein av dei finaste barnebokforfattarane me har. Og deretter set




Foto: Samlaget

**Eivor Vindenes**

**Bur:** på Kampen i Oslo

**Aktuell:** Debuterer på Samlaget med barneboka *Alt kan reparerast* (2009)

**Språk:** nynorsk

**Alder:** 38

desse sleivete utsegnene ramma for heile debatten. Då blir eg berre trist.

– Eg lurar ofte på kvifor mykje av barnkulturen som blir laga her til lands, er så lite synleg i media. Berre ta alle framsyningane i *Den kulturelle skulesekken*; her skjer det ein enorm produksjon som så å seie er hemmeleg. Og sjølv om det finst heiderlege unntak i media, så er det ein skippertaksmentalitet som pregar tankegangen. Det er rom for mykje meir og breiare omtale av barne- og ungdomslitteraturen. Eg høyrer kanskje litt vel negativ ut no? Der er jo mykje bra òg.

– *Kva kan ein gjere for å styrke nynorsken i barnebagane?*

– Enkelt; dei som arbeider der, må rett og slett nytte nynorske bøker. Det er jo haugar av gode bøker å velje mellom – dei må berre bli valde! Elles finst det mykje god kompetanse hjå til dømes Pirion på barnkulturfeltet, og

dei rettar arbeidet sitt nett mot barnehagar og skular med kulturavisa si.

– *Korleis var det å debutere?*

Utruleg herleg, sjølv om eg den første tida fann ord i boka eg ville ha endre på. Det er skummelt å debutere, og det er kanskje ikkje så rart at ein tviler litt og er redd boka ikkje er bra nok. Kva det no er å vere bra nok. Men no er eg heldigvis over den biten. Eg kjenner meg utruleg heldig som fekk ein så god illustratør som Jens K. Styve med på laget.

– *Kvifor valde du å debutere på nynorsk?*

– Sidan eg skriv på nynorsk, så var ikkje dette eit val eg tenkte noko særleg over. Eg blir heile tida spurt om kvifor eg skriv på nynorsk ..., kanskje me heller skal spørje fleire bokmålsbrukarar om kvifor dei ikkje skriv på nynorsk?

– *Skriv du nynorsk også privat?*

– Eg skriv både bokmål og nynorsk, litt etter humør og kven eg skriv med.

– *Har du noko nytt bokprosjekt på gang?*

– Ja, eg er heilt i startgropa. Eg har litt problem med å gå i frå desse typane i *Alt kan reparerast*, så det kjem kanskje noko meir herifrå. Og så har eg eit par andre historier som eg driv og prøver meg på. Eg satsar på at det går seg til.

– *Kva yniskjer du å formidle med litteraturen?*

– Eit stort og vanskeleg spørsmål. Eg har eit optimistisk menneskesyn, og det ligg nok i det eg skriv. Det gjer ein forskjell om me stoppar opp og bryr oss, sjølv om det ikkje alltid er lett å bryte ut av dei vanane me har.

Når eg skriv, er eg ikkje medviten i gjerningsaugneblinken, for å seie det slik. Det eg skriv, spring ut av språket; eg følgjer etter og ser kva som skjer. Eg likar å leike med språket og håpar dette er ein leik som lesaren òg likar. Kanskje finn lesarane små overraskande rom som dei samstundes kjenner seg att i, og som utvidar den kjensla dei hadde?



Kvitt

Eit lam står i ro på dei grøne markene  
Skodda kjem sigande  
viskar det ut


Henta frå Hilde Myklebust si diktsamling *Sakk*

– *Kva reaksjonar har du fått frå barn/unge når du har presentert boka di?*

– Eg har lest opp for ungar i barneskulen, blant anna då eg var på barnebokfestivalen *Falturillit* i Stord no i haust. Ungar er gode lyttarar og gode lesarar, og samtalanen i klasseromma var utruleg interessante. Det er verkeleg artig å snakke med ungar om skriving – og om liva til dei litt merkelege karakterane i boka mi, *Alt kan reparerast*. Då eg var på Fusa Barneskule og spurte ein femteklasse om kva som ikkje kan reparerast, fekk eg eit resolutt svar frå ein gut bak i rommet: "Kjærleik". Så dei store orda deisar fort i fanget når ein har ei bok under armen.

– *Kva forventingar har du til Leseåret 2010?*

– Fleire gode bøker, rett og slett. Det er ei bok eg gler meg spesielt til, dersom ho blir ferdig i 2010. Det er Elin Grimstad si biletbok, *Stjernebarna*. Boka har element i seg frå Universet – eit heilt nydeleg scenekunstprosjekt ho laga for barn, der animasjon og musikk var viktige ingrediensar. Og elles har det vore snakk om at teikneserieskaparen Jason og Ragnar Hovland har eit bokprosjekt på gang. Det hadde vore noko.



Ein god gjest gjer husbonden glad

*Ivar Aasen*  
Ivar Aasen  
Norske Ordsprog, 1881

## Møteplassen i Oslo

Skal du til Oslo, treff du kjentfolk på Bondeheimen og Kaffistova. Alle tilsette i LNK-kommunane (privat- og tenestereiser) bur på eigne, gode prisar heile året.

Enkeltrom 970,-  
Dobbeltrum 1110,-

Gratis breiband, nyoppussa, bog komfort og standard, norsk tradisjonsmat og uformell atmosfære for alt slags folk! Nær Karl Johan og regjeringskvartalet og alt Oslo har å by på!

Best Western  
**Hotell Bondeheimen & Kaffistova**



Rosenkrantz' gate 8, 0159 Oslo ~ Tlf: +47 23 21 41 00  
bookingoffice@bondeheimen.com ~ www.bondeheimen.com



Lakseslottet Lindum er eit historisk hus der atmosfære og god mat dannar ramma rundt moderne fasilitetar for kurs og konferansar.

Du finn oss i Suldal, hjarta i Ryfylke, om lag to timar reiseveg frå Haugesund, Kinsarvik, Seljord, Stavanger eller Stord.

www.lakseslottet.no

+47 52 79 91 61

Lakseslottet Lindum

Me gjev rabatt til medlemmer av LNK

# GOD JUL OG GODT NYTTI ÅR!

